
Tenestestandard Helse

Informasjon om kommunale tenester,
vilkår og forventningar



Eit verktøy for sakshandsaming, kartlegging, medverknad,
prioritering og handsaming av tenester.

2026-2028
Kommunedirektøren

Innhald

1. Innleiing ... 3
2. Bu trygt heime ... 4
3. Forvaltning av søknadar ... 5
4. Hjelpemiddel i heimen ... 10
5. Tenestetypar ... 11
5.1 Hukommelseteam ... 12
5.2 Støttekontakt/fritidskontakt ... 13
5.3 Pårørandestøtte i form av informasjon og rettleiing ... 14
5.4 Tryggleiksalarm ... 15
5.5 Rusvernkonsulent ... 16
5.6 Ergo- og fysioterapiteneste – Barn og unge under 18 år ... 17
5.7 Ergo- og fysioterapiteneste over 18 år ... 18
5.8 Rehabilitering og Habilitering utanfor institusjon ... 19
5.9 Praktisk bistand i heim – daglege gjeremål ... 20
5.10 Praktisk bistand i heim – opplæring: opplæring i daglege gjeremål ... 22
5.11 Pårørandestøtte, barn og unge - Avlastning ... 24
5.12 Pårørandestøtte - Avlasting over 18 år med bustadtrening ... 25
5.13 Aktivitetstilbod for heimebuande personar med kognitiv svikt - Trivselshuset ... 26
5.14 Dagtilbod for personar med utviklingshemming/nedsett funksjonsevne - Aktivitetstunet ... 27
5.15 Helsetenester i heimen ... 28
5.16 Psykisk helse – Behandle og rettleie ... 31
5.17 Brukarstyrt personleg assistanse (BPA) ... 32
5.18 Koordinator, barnekoordinator og individuell plan ... 35
5.19 Pårørandestøtte - Omsorgsstønad ... 36
5.20 Kommunal omsorgsbustad ... 37
5.21 Kommunal omsorgsbustad med omsorg pluss ... 38
5.22 Tidsavgrensa opphald på institusjon – Korttid- og rehabilitering ... 39
5.23 Tidsavgrensa opphald på institusjon – Rullering ... 41
5.24 Tidsavgrensa opphald på institusjon - Avlastning ... 42
5.25 Langtidsopphald på institusjon ... 43
6.0 Relevante tenester ... 44

1. Innleiing

Helsedirektoratet sin prioriteringsrettleiar[1] viser korleis helse- og omsorgstenester skal prioriterast ut frå nytte, ressursbruk og alvor. Målet er å sikra rettferdig forvaltning og naudsynte lovpålagde tenester. Tenestestandarden gir felles rammer og gjer prioriteringane meir føreseielege.

Tenestestandarden er eit rettleiande styrings- og arbeidsdokument. Den gir ikkje sjølvstendige rettar eller plikter og kan ikkje erstatta lov, forskrift, fagleg forsvarleg vurdering eller individuell sakshandsaming. Kriteria er vurderingsmoment, ikkje absolutte vilkår. Ved motstrid går lov og forskrift føre standarden.

Tenestestandarden gir informasjon om tenestene til tilsette, pasientar og innbyggjarar. Den er òg eit arbeidsverktøy for sakshandsamarar og andre involverte. Tydelege avgrensingar gjer tildelinga meir presis og bidreg til betre bruk av ressursar og samarbeid på tvers av fagområde. Kvar søknad skal vurderast individuelt ut frå behov, ressursar, funksjon, meistring og kva som er fagleg forsvarleg. Kommunen kan ikkje avslå naudsynte helse- og omsorgstenester berre med vising til standarden.

Dokumentet er utarbeidd gjennom fagleg prosessarbeid over meir enn eit halvt år. Arbeidet har vore gjort i samarbeid mellom ressurspersonar i Barne- og familietenesta og Helse- og omsorgstenestene. Dokumentet byggjer på lovheimlar for kommunale tenester, tilhøyrande forskrifter og nasjonale føringar. I prosessen har kommunen delt erfaringar med andre kommunar og samarbeidd med Stord kommune. På grunn av omfanget og behovet for tilhøyrande rutinar, bør dokumentet reviderast kvart fjerde år.

Tenestestandarden skal gi innbyggjarar, pårørande, tilsette og samarbeidspartnarar ei felles forståing av kva tenester Bømlo kommune har, kva kommunen vurderer ved søknad, og kva forventningar som gjeld. Dokumentet er eit rettleiande arbeidsverktøy for sakshandsaming, kartlegging, prioritering og tildeling av tenester. Bømlo kommune skal tilby naudsynte helse- og omsorgstenester jf. Helse- og omsorgstenestelova §3-1 og pasient- og brukarettslova § 2-1. Dette er grunnlaget for at tenester vert vurderte ut frå tenestetrappa. Kommunen vurderer alltid først om behovet kan løysast på lågast mogleg omsorgsnivå, til dømes gjennom eigenmeistring, hjelpemiddel, helseteknologi, nettverk, lågterskeltilbod eller mindre omfattande tenester. Tenestestandarden erstattar ikkje den individuelle vurderinga, men skal bidra til meir likeverdig praksis, tydelege forventningar og rett hjelp til rett tid.

Tenestestandarden skal og syna kor viktig det er å meistra eigen kvardag. **Kvardagsmeistring** handlar om å støtta den einskilde i daglege aktivitetar og leggja til rette for mål som styrkjer meistring av eige liv, her har samfunnet ei viktig oppgåve å leggje til rette for tiltak som kan bidra til å ivareta dette. Spørsmålet *«Kva er viktig for deg»* skal vera ei felles tilnærming i prosessane.

Brukarmedverknad er ein naturleg del av tenestene og er lovpålagt. **Næraste pårørande** har særskild rett til informasjon og medverknad. **Barn skal alltid vurderast særskilt**, og barnet sitt beste skal ha stor vekt ved tildeling av tenester.

[1] Prioriteringer i kommunale helse- og omsorgstjenester - Helsedirektoratet

2. Bu trygt heime

Dette kapittelet gjeld innbyggjarar over 18 år. Før ein vert vurder til helse- og omsorgstenester er det venta at ein gjer ein del grep sjølv. Du kan sjølve eller saman med pårørande, verje eller andre i nettverket planleggje tidleg og gjera grep som bidreg til tryggleik, meistring og sjølvstende i kvardagen. Små tilpassingar og førebyggjande grep kan hindra fall og skadar, gjera kvardagslege gjeremål lettare og bidra til at du klarar deg sjølv lenger utan behov for meir omfattande hjelp.

Det er venta at du som søkjer

- ☐ Tek ansvar for å meistre eigen kvardag og gjer det du kan sjølv
- ☐ Søkjer informasjon, ber om råd og planlegg ut frå din eigen situasjon
- ☐ Tilpassar bustaden, eller vurderer å flytta dersom bustaden ikkje lenger er tenleg
- ☐ Nyttar støtte frå familie, vener og eige nettverk når det er mogleg
- ☐ Nyttar frivillige tilbod, lag og foreiningar i nærmiljøet
- ☐ Bestiller varer og tenester du treng, til dømes daglegvarer, middagslevering, transport, reinhald, hagestell og snømåking
- ☐ Avtalar levering frå apotek, til dømes multidoserull eller inkontinensutstyr
- ☐ Skaffar deg enkel teknologi som kan gjera kvardagen lettare, til dømes robotstøvsugar, GPS-klokke, komfyrvakt eller tidsur.
- ☐ Skaffar deg tenleg utstyr og møblar, til dømes ein stabil god stol som er lett å reise seg frå, regulerbar eller passe høg seng, eigna kjøkkenutstyr og liknande.
- ☐ Nyttar lågterskeltilbod som kommunen tilbyr
- ☐ Tek kontakt med posten for tenleg plassering av postkassa
- ☐ Tek kontakt med renovasjonsselskapet for hjelp til eller tenleg plassering av søppeldunken

Eigna bustad? – 10 kjappe

- ☐ Er det mogleg å parkere nær inngangspartiet?
- ☐ Er det enkelt å koma inn og ut av bustaden? Monter gelender på begge sider av trapp, rampe og utelys.
- ☐ Har du alt på eit plan? Alle naudsynte rom/funksjonar på ei flate dvs. inngangsparti, soverom, stove, kjøkken, bad, fryseboks og vaskemaskin.
- ☐ Kan du rydde vekk lause matter, leidningar, dørstokkar og anna som kan gi fallfare?
- ☐ Er det sørga for godt lys i gangar, trapper og på bad? Er det vurdert lys med bevegelsessensor?
- ☐ Bruk sklisikring på bad og i dusj. Er montert opp handtak? Har du ein god krakk/stol til å sitje på?
- ☐ Er røykvarslarane i orden, kven testar dei jamleg?
- ☐ Har du brannteppe, liten brannslukkar som du klarar å løfte i nærleiken?
- ☐ Planlegg små tilpassingar i bustaden før det blir vanskeleg. Er det mogleg å fjerne møblar som gjer det utfordrande å kome fram med t.d. rullator?
- ☐ Monter dører du lett kan opne, og med dørbreidde på minimum 80 cm.

Husbanken og Planleggelitt.no har god informasjon om dette med bustadplanlegging. Sjå informasjon om bustadtildpassing på nettsida til Bømlo kommune.

3. Forvaltning av søknadar

Søknader om kommunale vert handsama i tråd med forvaltningslova av rett instans i kommunen. Kommunen hentar inn naudsynte opplysningar for å kartleggja situasjonen, vurdera behovet og avgjera kva tenester som skal setjast i verk. Tildelinga byggjer på faglege vurderingar, individuelle behov og kommunen sitt vedtekne tenestenivå. Målet er eit heilskapleg tenesteforløp, med tydeleg skilje mellom tildeling og utføring. Når du søkjer om, får eller brukar helse- og omsorgstenester, skal fleire lover sikre at du får forsvarlege og samordna tilbod. Helse- og omsorgstenestelova slår fast at kommunen skal gje naudsynte tenester. Tenestene skal vera heilskaplege, koordinerte og tilpassa behova dine. Kommunen skal også arbeida førebyggjande, gje pårørandestøtte og sikre brukarmedverknad.

Pasient- og brukarrettslova gjev deg rett til informasjon, medverknad og innsyn. Har du behov for langvarige og koordinerte tenester, kan du ha rett til individuell plan og koordinator. Helsepersonellova regulerer pliktene til dei tilsette og krev at hjelpa er naudsynt, trygg og dokumentert. Forvaltningslova skal sikre forsvarleg sakshandsaming og eit skriftleg vedtak med grunngjeving.

Vilkår for helse- og omsorgstenester
Personar som oppheld seg i Bømlo kommune, kan søkja kommunale tenester. Dersom du ønskjer å flytta til Bømlo og har aktive tenester, må du ta kontakt med kommunen i god tid før flytting, slik at samhandling og behov vert ivaretekne. Det er ikkje gitt at du får dei same tenestene i Bømlo som i kommunen du flyttar frå.

Forventningar til deg som søkjer

- Bruk kommunen sitt søknadsskjema, og send inn søknad i så god tid som mogleg
- Definer kven som er næraste pårørande/fullmektig/verje
- Sørgje for at eventuelle naudsynte samtykker og fullmakter føreligg og vert lagt fram
- Utfør sjølv dei oppgåvene du meistrar
- Gjer deg kjent med vedtak, informasjon og avtalar. Tenester som ikkje vert nytta som tenkt, vert avslutta.
- Delta i utforming av eigne planar og avtalar så langt som råd, medverknad.
- Yt eigeninnsats ved å fylgje opp avtalar for å nå måla
- Gje beskjed snarast når du ikkje er heime til avtala tid
- Avbestilling eller avslutting av tenester vert gjort i så god tid som mogleg.
- Kommunen kan be om samtykke for å henta inn naudsynte opplysningar. Det vert også forventa at du samarbeider om kartlegging, tenestetildeling, hjelpemiddel og tiltak, og at du melder frå dersom behovet ditt endrar seg eller fell bort

Du kan forvente at søknaden og personopplysningane dine vert handsama i tråd med reglane om personvern, teieplikt og forvaltningslova. Sakshandsamar tek kontakt dersom det trengst fleire opplysingar. Naudsynte tenester vert tildelte etter individuell og fagleg vurdering.

Om sakshandsaming og kartlegging
Opplysingar som er naudsynte for å yte og følgje opp helse- og omsorgstenestene vert dokumenterte i pasientjournal. Kommunen kan hente inn naudsynte opplysningar frå til dømes fastlege og spesialisthelsetenesta når det er rettsleg grunnlag for dette.

Vedtak
Det finst kommunale tenester med og utan enkeltvedtak.

- Mange kommunale tenester er lågterskeltilbod, der det ikkje krav til enkeltvedtak. Me forventar likevel at det finst ei skriftleg grunngjeving i journal for ei eventuell avgjerd om tenesteyting eller ikkje.
- Kommunen gjev vedtak som skriftleg svar på søknad der det er krav til enkeltvedtak. Vedtaket vert vanlegvis sendt digitalt. Det skal syne kva som er avgjort, kva vurderingar som ligg til grunn, og omfanget av tenesta. Vedtak er oftast tidsavgrensa og vert vurdert på nytt etter behov. Endra helsesituasjon fører til ny kartlegging, nytt vedtak eller at tenesta vert avslutta. Dersom saka ikkje kan avgjerast innan ein månad, får du eit førebels svar. Der vert det opplyst kvifor saka ikkje er avgjord, og så langt som råd når vedtak kan ventast. Ved akutte behov kan naudsynte mellombelse tiltak setjast i verk før søknaden er ferdig handsama.

Kva me forventar av deg som mottek kommunale tenester:

- Du gjer deg kjent med innhald i vedtak
- Tilkomst til bustad skal vera framkommeleg og trygg uavhengig av årstid
- Heimen skal vera i ein slik stand at tenesteutøvar kan utføre arbeidet. Dersom bustad er særskilt skitten, skal det gjennomførast rundvask før kommunal bistand vert sett inn. Dette må den einskilde søkjar sørgje for og betale sjølv.
- Bruk robotstøvsugar/vaskar om mogleg, dersom ikkje ha støvsugar og støvsugarposar tilgjengeleg.
- Ha såpe, papirhandkle og eingongsmoppar/filler klart til vask
- Luft godt ut dersom det er røykt inne før besøk, og hald husdyr unna dei tilsette
- Tillat bruk av naudsynte hjelpemiddel (t.d. sjukeseng, toalettforhøyar).
- Betale og skaffe deg enkelte hjelpemiddel sjølv
- Lås opp døra om du kan, sjølv om det er nøkkelboks
- Gje beskjed i god tid om du ikkje er heime
- Vis omsyn til at heimetenesta ikkje kan love faste tidspunkt for tenesteytinga
- Oppgåver som høyrer til andre yrkesgrupper, til dømes hårklipp, snikkar-, elektrikar- og røyrleggjararbeid, vert ikkje utførte av tenesteytar

KPR[2] (kommunalt pasient- og brukarregister) tidlegare kalla IPLOS.

KPR er eit nasjonalt register med opplysningar om personar som har søkt om, får eller har fått kommunale helse- og omsorgstenester. Opplysningane vert nytta til planlegging, styring, kvalitetsforbetring og evaluering av tenestene. Kartlegging av funksjon og hjelpebehov vert gjort ved samtale, telefon eller avtalt heimebesøk.

Elektronisk meldingsutveksling (PLO-meldingar)

Helse- og omsorgstenesta nyttar elektroniske meldingar for å dele naudsynte opplysningar mellom kommune, fastlege og sjukehus. PLO-meldingar er standardiserte meldingar, og sikrar trygg og relevant informasjonsflyt når pasienten blir fylgt opp eller overført mellom tenester. Elektroniske meldingar vert dokumenterte i pasientjournalen.

Tenestekontoret

Tenestekontoret handsamar søknader om kommunale helse- og omsorgstenester. Sakshandsamar kartlegg behovet til søkjar, vurderer kva tenester som er naudsynte og samarbeider med pasient, pårørande, spesialisthelsetenesta og andre aktuelle einingar i kommunen. Målet er at du skal få naudsynt hjelp til rett tid, tilpassa behov og med ressursane dine tekne vare på.

Tildeling av kommunal bustad er lagd til tenestekontoret, og vedtaket vert fatta der. Det er Bømlo kommunale eigedomsselskap (BKE) som forvaltar dei kommunale bustadene og fører husleigeavtale.

[2] Kommunalt pasient- og brukerregister (KPR) - FHI

Tenestekontoret vurderer søknaden etter reglane om bustadsosial bistand og kommunen sine vedtekne kriterium for kommunal bustad.

Sosiale tenester, barn og unge
Sosiale tenester handsamar søknadar om lovfesta kommunale tenester for barn og unge som er vedtakspliktige. Dei kartlegg behov og samarbeider med barn, føresette og familie, spesialisthelsetenesta og andre aktuelle kommunale einingar.

Klage
Du kan klage dersom du meiner at eit vedtak er feil, at du ikkje har fått oppfylt rettane dine, eller at det har vore svikt i helse- og omsorgstenesta. Klager på vegne av andre utan fullmakt vert avvist. Klage på rettar og tenester følgjer pasient og brukarrettslova § 7-2 med klagefrist på 4 veker, jf. § 7-5. Klaga skal sendast til den eininga som fatta vedtaket. Dersom vedtaket ikkje vert endra, sendast den vidare til Statsforvaltaren for avgjerd.

Klage på tenesta eller på helsepersonell
Meiner du at det har vore svikt i oppfølginga, kvalitet eller i utøving av helsehjelpa, kan du klage til kommunen eller direkte til Statsforvaltaren. Det finst ikkje ei fast klagefrist her, men du bør klage snarast mogleg.

Pasient- og brukarombodet kan rådgje, rettleia og hjelpe i klagesaker.

Varsel om svært alvorlege hendingar
Den nye meldeordninga frå 01.07.2026 gjer det enklare, raskare og tryggare å melde inn uønskte pasientrelaterte hendingar i helsetenesta, med mål om meir læring og betre pasientsikkerheit. Pasientar, brukarar og pårørande kan melde hendingar og biverknadar via Helsenorge, medan helsepersonell kan melde gjennom melde.no eller eigne fagsystem. Ordninga omfattar mellom anna meldingar om biverknadar av legemiddel og vaksinar, alvorlege hendingar, medisinsk utstyr, blod, celler og vev, medisinsk strålebruk samt biverknadar frå kosttilskot og kosmetikk.

Arbeidsmiljølova
Når kommunen yter tenester i heimen, vert bustaden arbeidsplass for dei tilsette. Alle i heimetenesta skal ha fagleg opplæring og møta tenestemottakaren med respekt. Arbeidsmiljølova gjeld også her, og kommunen skal ta vare på dei tilsette. Bømlo kommune har rutinar for å avdekkja og avverja vald og overgrep når det er relevant i tenesteytinga. Rutinane skal gje tilsette klare prosedyrar ved uro eller mistanke, sikre støtte og oppfølging til dei som er råka, og gjera det tydeleg korleis ein melder frå og samarbeider med rette instansar.

Eigenandel og kostnad
Nokre tenester har eigenbetaling eller einskildkostnad. For praktisk bistand vert eigenbetaling rekna ut frå nettoinntekta di. Bur du med partnar, blir dykkar samla nettoinntekt lagd til grunn. Dette er regulert i forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester. Kommunestyret vedtek prisane for eigenbetaling i Bømlo kommune. Prisane vert justerte årleg. Oppdatert prisliste finn du på Bømlo

kommunen sine nettsider.

Endring og avslutting av teneste
Tenestene vurderer jamleg behov, helsetilstand og varigheit. Du kan også takka nei til eller velja å ikkje nytta tilbodet. Målet er at alle skal klara seg på lågast mogleg omsorgsnivå. Endringar skjer i samråd med tenestemottakar og pårørande eller verje.

Tenestemottakar kan senda **elektronisk melding direkte til tenesta via Helsenorge.** Dette gjeld også fastlege og legetenester. Pårørande med samtykke kan ha dialog med kommunale tenester eller legetenesta på vegner av tenestemottakar. I Helsenorge kan du mellom anna avlysa besøk eller senda melding om til dømes heimehjelp eller bekymringar. Dette er ein trygg kommunikasjonskanal som kan journalførast.
E-helse krev innlogging på nett eller i app, og du må sjølv ha utstyr for å nytta løysingane.

Elektronisk postkasse (Digipost, Altinn mfl.)
Bømlo kommune sender, som andre kommunar, post elektronisk. Dette er den tryggaste løysinga når posten inneheld personsensitive opplysningar. Har du privat digital postkasse, til dømes Digipost, vil posten bli sendt dit. Dei som har Altinn som digital postkasse, eller som har reservert seg mot elektronisk post, får posten i fysisk postkasse. Dersom tenestemottakar ikkje lenger kan opne digital post sjølv, må den private digitale postkassa deaktiverast, eller pårørande må få samtykke til innsyn.

OBS! Berre Altinn har funksjon for at elektronisk post kan bli sendt vidare som papirpost etter nokre dagar.

Tenestetrapp

Tenester vert tildelte etter samtykke, kartlegging og individuell vurdering. Det vert tildelt tiltak på lågast mogleg nivå som fyrsteval, jf. BEON, og tidlegare LEON-prinsippet[3]. Helseteknologi vert vurdert først når det er eigna og forsvarleg. Kommunen skal dekkja naudsynte og lovpålagde hjelpebehov. Tabellen under viser tenestetrappa i Bømlo, for dei over 18 år. Tenestetrappa er rettleiande, og kvar person vert vurdert ut frå eigne behov. Ikkje alle oppgåver i kvardagen er eit kommunalt ansvar. Innbyggjaren skal, så langt det er mogleg, nytta eigne ressursar, hjelpemiddel, nettverk, frivillige tilbod, private tenester og andre offentlege ordningar. Kommunen vurderer alltid konkret kva hjelp som er naudsynt.

Skrøpelegheitskartlegging[4] (CFS-Score) er ei kartlegging som vert brukt for å få eit betre bilete av funksjon, sårbarheit og hjelpebehov hos personar over 65 år. CFS-score er tatt med som eit fagleg støtteverktøy i dokumentet for å synleggjera samanhengen mellom funksjonsnivå, risiko og aktuelt omsorgsnivå. Skåren skal ikkje åleine avgjera tenestetildeling, men inngå i den samla individuelle vurderinga saman med medisinske, sosiale og praktiske forhold. Merk at tabellen under er for dei over 18 år, og det er i tillegg utarbeida ein eigen nasjonal indeks for vaksne og eldre med utviklingshemming[5].

Tenestenivå	Bu- og tenestetilbod i Bømlo			
	Behov	**CFS over 65 år**	**Aktuelle tenester**	**Buform**
For alle: helseteknologi og e-helse	Svært omfattande hjelpebehov heile døgnet. Treng tett medisinsk, fysisk eller kognitiv oppfølging. Kan også ha behov for lindrande behandling eller avlasting for pårørande.	8–9	Langtidsplass, korttidsopphald, rullering eller avlasting i institusjon	Institusjon
	Store hjelpebehov heile døgnet. Treng mykje helse- og omsorgsoppfølging, men ikkje tett legeoppfølging.	8–9	Ambulerande tenester med heildøgnsbemanning	Omsorg pluss bustad, tidsavgrensa institusjonsopphald, omsorgsbustad
	Tett og regelmessig hjelpebehov delar av eller heile døgnet. Treng støtte til eigenomsorg, ernæring, legemiddel og praktiske oppgåver. Pårørande kan ha behov for avlasting.	7–9	Helsetenester i heim, ambulerande tenester, praktisk bistand, korttid, rehabilitering eller avlasting	Omsorgsbustad eller vanleg bustad
	Punktvis behov for hjelp. Treng noko eller mykje oppfølging, ofte i kombinasjon med helsehjelp, praktisk bistand og førebyggjande tiltak, trening. Dagtilbod som aktivisering, og/eller avlasting for pårørande.	5–9	Helsetenester i heim, ambulerande tenester, praktisk bistand, heimerehabilitering, Habilitering og dagtilbod	Omsorgsbustad eller vanleg bustad
	Treng støtte til kvardagsmeistring, aktivitet, trening, miljøarbeid, sosial deltaking eller kartlegging.	3–5	Førebyggjande tilbod	
	Tek vare på eiga helse, meistrar kvardagen og deltek sosialt med eigne ressursar, nettverk og lågterskeltilbod.	1–3	Frivilligheit, friskliv, trening, meistring og førebyggjande tilbod	
Funksjonsnivå				

Tabell 1 Illustrasjon av bu- og tenestetrapp for Bømlo

[3] Prioriteringer i kommunale helse- og omsorgstjenester - Helsedirektoratet
[4] Klinisk skrøpelighetsskala (CFS) Legevakthandboka
[5] Skropelighetsindeks, Aldring og helse

4. Hjelpemiddel i heimen

Du kan låne hjelpemiddel dersom du har nedsett funksjon på grunn av sjukdom eller skade. Ei ordning som gjeld for dei som er folkeregistrert i Bømlo og er over 18 år.

Kortvarig lån

Enkle hjelpemiddel som rullestol, toalettforhøyar, dusjstol og rullator kan du låne frå hjelpemiddellageret i Bømlo. Ta kontakt i god tid før planlagde operasjonar. Sjå opningstider på kommunen si nettside.

Langvarig lån

Ved varig behov søkjer du NAV Hjelpemiddelsentral. Ergo- og fysioterapitenesta hjelper med kartlegging og søknad. Utlånet frå NAV Hjelpemiddelsentralen er personleg.

Syn og høyrsel

Bømlo kommune nyttar Syns- og audiopedagogisk teneste (SAPT) i Bergen. Du kan søkje direkte dit. SAPT kjem til Bømlo for kartlegging og søkjer hjelpemiddel frå NAV ved behov. Ved behov for enklare høyrselshjelpemiddel, kan du ta kontakt med Ergo- og fysiotenesta.

Tilbakelevering

Hjelpemiddel skal leverast tilbake når du ikkje lenger treng dei. Reingjer dei før levering. Treng du henting eller demontering, kontakt hjelpemiddellageret.

Dette kan du kjøpa sjølv

Gripetang, støttehandtak og strømpepåtrekkjar kan kjøpast på hjelpemiddellageret eller apotek. Krykker, skoskei, tilpassa kjøkkenreiskapar, rundstokk til gelender, dosett, broddar og urinflaske kjøper du på apotek/butikk/nettbutikk.

Eige ansvar

Du har sjølv ansvar for enkel reingjering, opplading og vedlikehald av hjelpemiddel frå NAV. Låner du spesialsykkel frå NAV, må du også syta for enkle reparasjonar.

Akutt reparasjon

Ved feil på hjelpemiddel frå kommunen, kontakt hjelpemiddellageret (53 42 31 88 / hjelpemiddel@bomlo.kommune.no). Ved akutt feil på hjelpemiddel frå Nav, det gjeld fare for liv og helse, ring Nav sin vakttelefon 917 81 122.

Tilrettelegging i eigen heim

Gode møblar og småhjelpemiddel kan gjere kvardagen enklare, til dømes ein stødig stol med armlene, eigna kjøkkenreiskapar eller ein fjernkontroll med store knappar. Sjå punkt 2 om Bu trygt heime og eigna bustad.

5. Tenestetypar

Lågterskeltilbod
Bømlo kommune har fleire lågterskeltilbod. Lågterskeltilbod er tiltenkt innbyggjar som har behov og treng enkel tilgang til støtte, aktivitet, meistring og sosial deltaking utan omfattande søknadsprosessar. Tilboda omfattar mellom anna rask psykisk helsehjelp, møteplassar innan psykisk helse og rus, arbeidstrening ved Basen og varig tilrettelagde arbeids- og transportløysingar. Målet er å styrkja den einskilde sine ressursar, førebyggja utanforskap og bidra til ein meir aktiv og meiningsfull kvardag. Sjå nettsida til Bømlo kommune for å finne kontaktinformasjon.

Rask psykisk helsehjelp (RPH): Kortvarig hjelp til personar med lette psykiske helseutfordringar, til dømes angst, depresjon, søvnvanskar eller begynnande rusutfordringar.

Nyving: Møteplass og aktivitetstilbod for vaksne med psykiske utfordringar, med vekt på sosial deltaking, aktivitet og meistring.

Sesam: Lågterskeltilbod for personar med rusutfordringar, med sosial støtte, aktivitet og praktisk hjelp.

Basen: Arbeidstrening og praktiske arbeidsoppgåver for personar som står utanfor arbeidslivet og treng støtte på veg mot arbeid.

VTA-K: Transport mellom heim og varig tilrettelagt arbeid for personar som ikkje kan nytta vanleg offentleg transport. Transport vil skje i form av fellestransport der dette er mogleg, og med rute tur/retur heim arbeidsplass.

VTA-O: Varig tilrettelagt arbeid i ordinær bedrift for personar med varig nedsett arbeidsevne og behov for tilrettelegging.

Tenester med einskildvedtak
Ved behov for helse og omsorgstenester som er venta å vara i lengre enn ein kort periode krev einskildvedtak[6]. Det må då søkjast via kommunen sitt søknadsskjema som skildra i kapittel 3. Tenester vert tildelte etter prinsippet om tenestetrappa. Det betyr at kommunen først vurderer tiltak på lågast mogleg nivå, og legg vekt på kva innbyggjaren kan meistra sjølv, kva restkapasitet som finst, og kva hjelpebehov som er naudsynt og forsvarleg å dekkja.

Under kjem ei oversikt over tenestene som vert ytt i Bømlo kommune, og dei over 18 år søkjer til tenestekontoret og dei under 18 år til sosiale tenester, barn og unge.

[6] Veileder for saksbehandling av tjenester etter helse- og omsorgstjenesteloven.pdf

5.1 Hukommelseteam

Lovgrunnlag	Dette er ikkje ei lovpålagd teneste. Tenesta er førebyggjande og helsefremjande etter helse- og omsorgstenestelova § 3-3.
Kostnad	Nei, tenesta er gratis.
Formålet med tenesta	Kartleggja og utredast for kognitiv svikt/demens i samarbeid med fastlege, og dine pårørande. Oppfølginga vert vurdert individuelt etter prioriteringsvegleiaren.
Kriterium for tildeling	- Du er tilvist av fastlege eller tenesteutøvar. - Du treng kartlegging eller er under utgreiing for demenssjukdom.
Bortfallskriteriar	- Du er under 65 år og skal utredast i spesialisthelsetenesta - Du har ei utviklingshemming og skal utredast i spesialisthelsetenesta - Vert følgt opp og kartlagt i spesialisthelsetenesta - Behovet er avklart og stabilt, og vidare oppfølging er plassert.
Praktiske opplysingar	Personar med mistanke om kognitiv svikt eller demens kan ta kontakt med Hukommelsesteamet ved behov. - Tenesta kartlegg heimebuande med kognitiv svikt eller symptom på demens, i samarbeid med fastlege. - Tenesta er eit lågterskeltilbod for personar med demens eller mistanke om demensutvikling. - Tilrettelegging og tryggleik i heimen er ein viktig del av arbeidet. - Kartlegging vert utført ved bruk av standiriserte retningslinjer for basal demensutredning.
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	- Transport til og frå tilbodet er ikkje inkludert. - Diagnose vert sett av fastlege eller spesialisthelsetenesta.
Forventingar til tenesteytar	- Tenesteytar legg til rette for hjelp som støttar eigenomsorg og eigne ressursar hos personen med demens og pårørande.
Forventingar til tenestemottakar	- Du gjer deg kjend med innhaldet i tilbodet. - Du gir naudsynt informasjon og samtykke til at kommunen kan henta inn relevante opplysningar for vurdering og vidare oppfølging.

5.2 Støttekontakt/fritidskontakt

Lovgrunnlag	Helse- og omsorgstenestelova § 3-1 jf. § 3-2 punkt 6 b), Pasient- og brukarrettslova §2-1
Kostnad	Støttekontakt er gratis, men du betaler sjølv for aktivitetane de er med på. Støttekontakt kan velja å tilby transport i privat bil gratis, men anna transport betaler du for sjølv. I nokre tilfelle vert det kompensert for utgifter m/kvittering inntil 250kr.
Formålet med tenesta	Bidra til sosial deltaking, aktivitet og ein meir meiningsfull kvardag. Tilbodet vert gitt individuelt eller i gruppe.
Kriteria for tildeling	Tildeling skjer etter søknad og individuell vurdering. - Du kan ikkje delta åleine i vanlege aktivitetstilbod. - Du treng støtte til aktivitet, interesser eller sosial deltaking på grunn av funksjonsnedsetting, isolasjon eller psykososiale utfordringar. - Du har moderate eller store hinder for sosial deltaking. - Du har ikkje familie eller andre nære personar som kan gi naudsynt støtte. - Frivillige tilbod er prøvde, men du klarar ikkje å delta utan støtte. - Kommunen vurderer først om behovet kan dekkjast i gruppe, eksisterande aktivitetstilbod, dagtilbod eller i samarbeid med frivillige. Tilbodet kan vera aktuelt for barn, unge og vaksne med psykiske vanskar eller nedsett funksjonsevne
Bortfallskriteriar	- Behovet gjeld norskopplæring. - Behovet krev fagkompetanse, noko støttekontakt ikkje skal gi. - Tenesta vert avslutta ved vedtak om heildøgnsomsorg. - Behovet skuldast alvorleg psykisk liding, vald, trugande åtferd eller rusproblem. - Støttekontakt skal ikkje brukast til leksehjelp, arbeid, familietiltak, husarbeid, hagearbeid eller andre praktiske oppgåver. - Vedtaket gjeld i inntil to år. Etter det må du søkja på nytt. - Tenesta vert sett på pause ved sjukehusinnlegging eller korttidsopphald.
Praktiske opplysingar	- Minste tildeling er 2 timar kvar 14. dag. Vedtaket gjeld som hovudregel 11 av 12 månader då støttekontakt har rett på ferieavvikling. - Kommunen vurderer alltid gruppetilbod først. - Kommunen kartlegg sosialt nettverk før tenesta vert vurdert. - Fritidskontaktar treng ikkje formell utdanning. Ordninga skal ikkje dekkja krevjande omsorgsbehov. - Det kan vera vanskeleg å finna støttekontakt. Du kan foreslå ein person sjølv, men ikkje nær familie då ein ønskjer å bevare nære relasjonar. - Du betaler eigne transportutgifter. Kommunen tilrår å bruka gjeldande statlege satsar for køyregodtgjersle. **Barn og unge under 18 år** - Støttekontakt for barn og unge kan organiserast individuelt eller i gruppe. - Tenesta kan givast som avlasting. - For barn og unge kan ein vurdere støttekontakt i nær familie
Forventingar til tenesteytar	- Kommunen inngår arbeidsavtale med støttekontakten, som samarbeider med tenestemottakaren innanfor vedtaket.
Forventingar til tenestemottakar	- Ha god dialog med støttekontakten. Pårørande kan delta ved behov. - Hald avtalar, bruk timane og meld frå ved fråvær. - Betal eigne utgifter og billetten til støttekontakten når følgjeprov ikkje kan brukast.
Forventningar til støttekontakt	- Hald avtalar, bruk timane og meld frå ved fråvær. - Send månadleg rapport til tenestekontoret når det er avtala.

5.3 Pårørandestøtte i form av informasjon og rettleiing

Lovgrunnlag	Helse- og omsorgstenestelova § 3-6 punkt 1, Pasient- og brukarrettslova § 2-1 og § 2-8
Kostnad	Nei, tilbodet er gratis
Formålet med tenesta	Ein del av å avlaste personar og familiar som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid er å tilby pårørandestøtte i form av informasjon og opplæring.
Kriteria for tildeling	Du har behov for informasjon eller rettleiing for å meistra eit særleg tyngjande omsorgsarbeid. Kommunen vurderer behovet for slik pårørandestøtte saman med eventuelle behov for avlasting eller omsorgsstønad.
Bortfallskriteriar	- Brot på avtale, eller langvarig opphald på institusjon el. - Vert fylgt opp av ei langvarig teneste og ivaretatt gjennom denne
Praktiske opplysningar	Dømer på tilbod i Bømlo kommune, og der nokre av tilboda er i samarbeid med, eller i regi av frivillige organisasjonar. - pårørandeskule for demensramma i regi av frivilligheita - kreftkoordinator - demenskoordinator - rehabiliteringskoordinator - parkinsongruppe - søskengruppe i Barne- og familietenesta - opplæring og rettleiing frå heimetenesta, fysio- og ergoterapeuttenesta Lista er ikkje uttømmande. Opplæring og rettleiing bidrar til at den private omsorgsytaren får den kompetansen og kunnskapen som trengs for å kunne utføre omsorgsoppgåvene på ein måte som er forsvarleg både for den som har hjelpebehovet og for å kunne ivareta si eiga helse- og livssituasjon. Dei ulike tilboda er lågterskeltilbod.
Forventingar til tenesteytar	- Har fokus på samhandling og rettleiing
Forventingar til tenestemottakar	- Gjer seg kjent med innhaldet i tilbodet - Halde avtalar

5.4 Tryggleiksalarm

Lovgrunnlag	Helse- og omsorgstenestalova §3-2 punkt 6 a, Pasient og brukerrettigheitslova §2-1
Kostnad	Nei, tenesta vert gjeven som helsehjelp og er tenesta gratis.
Formålet med tenesta	Ved bruk av teknologi bidra til tryggleik og gjera det lettare å bu heime. Du kan varsla når du treng hjelp utanom fastsette tilsyn.
Kriteria for tildeling	Tildeling skjer etter søknad og ei individuell vurdering basert på prioriteringsvegleiaren. - Du har redusert fysisk, kognitiv eller psykisk funksjonsevne, syn eller høyrsel. - Du har hatt fall eller har auka risiko for fall. - Du har behov for naudsynt helsehjelp - Du må kunna bruka teknologien. Tilbodet er aktuelt om du treng hjelp med til dømes å stå opp, leggja deg, personleg hygiene eller toalettbesøk. Ulike sensorar kan brukast for å varsla når du treng hjelp. Bruk av tryggleiks-, varslings- og lokaliseringsteknologi krev eit gyldig rettsleg grunnlag. Dersom personen manglar beslutningskompetanse eller motset seg tiltaket, skal kommunen vurdera særreglane i pasient- og brukarrettslova og eventuelt helse- og omsorgstenestelova.
Bortfallskriteriar	- Du fungerer godt i kvardagen utan stor risiko når du er åleine. - Utstyret vert brukt feil, til dømes gjentekne alarmar utan behov for hjelp. - Tenesta er ikkje eigna etter fagleg vurdering.
Praktiske opplysingar	**Tryggleiksalarm** er eit smykke eller armband med alarmknapp. Når du trykkjer på alarmen, går varselet til responssenteret. Dei varslar heimetenesta eller AMK ved behov. Heimetenesta tek kontakt med deg etter varsel. - Bruk alarmen berre når du treng hjelp, og ikkje brukast til praktiske oppgåver. - Heimetenesta kjem dersom det er naudsynt. Vanleg responstid er innan éin time, akutte og pågåande oppgåver vert prioriterte først. - Alarmen kan koplast til pårørande eller andre i nettverket dersom det er tenleg. - Har du fått vedtak om langtidsopphald og ventar heime på plass, vert tryggleiksalarmen gratis. - Det følger med ein røyksensor som varslar responssenteret ved røyk. Dersom du ikkje svarar, kan responssenteret varsla brannvesenet. **GPS/lokaliseringsteknologi** GPS/lokaliseringsteknologi kan brukast av personar med kognitive utfordringar. GPS fungerer som ein tryggleiksalarm utanfor heimen, med tovegskommunikasjon, mogleg fallalarm og lokalisering. Varsel går som hovudregel til pårørande.
Forventingar til tenesteytar	- Tenesteytar gir opplæring og testar at utstyret fungera. - Tenesteytar vurderer om tenesta er eigna og følgjer opp rett bruk.
Forventingar til tenestemottakar	- Du har alarmknappen på deg og testa han jamleg, om lag éin gong i månaden. - Du sørgja for straum til heimesentralen. - Pårørande, naboar eller frivillige kan vera del av beredskapen dersom det er tenleg. - Bur du utanfor fastlandet, må du ha ein person i nærområdet som kan rykka ut ved alarm.

5.5 Rusvernkonsulent

Lovgrunnlag	Rusvernkonsulent er ikkje ei direkte lovpålagt teneste, men viser til Helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1 og 3-3. Pasient- og brukarettslova §2-5, 3-1, 3-2
Kostnad	Nei, tilbodet er gratis.
Formålet med tenesta	Å gje vaksne over 18 år råd, rettleiing og oppfølging knytt til rus eller avhengigheit.
Kriteria for tildeling	Tildeling skjer etter søknad og ei individuell kartlegging basert på prioriteringsvegleiaren. - Har utfordringar knytt mot rus og/eller speleavhengigheit.
Bortfallskriteriar	- Under 18 år
Praktiske opplysingar	Tenesta vert gjeve både i heim, på kontor, på avtale hjå andre, på dagtilbod og i bil. Rustenesta tilbyr råd, rettleiing og oppfølging ved rusproblem eller avhengigheit, eventuelt om ein står i fare for å utvikla eit problem. Tilbodet omfattar: - Råd og rettleiing i støtte- og oppfølgingssamtalar - Oppfølging av politikontrakt - Hjelp til å lage kriseplan - Hjelp til praktiske oppgåver, som søknadar. - Hjelp til å få kontakt med andre tenester, og koordinere møter - Tilvising til Tverrfagleg spesialisert rushandsaming (TSB) og Legemiddelassistert rehabilitering (LAR) - Pårørande kan ta kontakt for råd og rettleiing, eller for henvising til oppfølging for pårørande i Helse Fonna-regionen
Forventingar til tenesteytar	
Forventingar til tenestemottakar	- Bidra etter eigne føresetningar. - Møt opp til avtalt tid og gje beskjed ved fråvær i god tid. - Samarbeid med sakshandsamar om mål og tiltak - Vis respekt – ikkje utset tilsette for trakassering eller utilbørleg åtferd.

5.6 Ergo- og fysioterapiteneste – Barn og unge under 18 år

Lovgrunnlag	Helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1 og 3-2 andre ledd.
Kostnad	Nei, eigenandel for dei over 18 år (frikortordninga). Manglande oppmøte: Eigenandel blir kravd ved ikkje møtt time.
Formålet med tenesta	Individuelt tilpassa tiltak for barn og unge med utfordringar knytt til nedsett funksjonsevne, motoriske og kognitive vanskar, samt utfordringar i dagleglivets aktivitetar (t.d. påkledning, måltid)
Kriteria for tildeling	Tildeling skjer etter munnleg eller skriftleg kontakt med ergo- og fysioterapitenesta, og ei individuell vurdering basert på prioriteringsvegleiaren vert utført. - Behov for handsaming/oppfølging for å betre eller opprettholde sitt funksjonsnivå.
Bortfallskriteriar	- Kriteria er ikkje oppfylt, eller behovet er ikkje lenger til stades.
Praktiske opplysingar	- Fagpersonane vurderer og gir tiltak innan grovmotorikk, finmotorikk, munnmotorikk og kognitive vanskar, og ADL funksjonar. - Kartlegging skjer gjennom observasjon, anten hos fagpersonane eller i barnets kvardagsmiljø (barnehage/skule/heim). Tiltak blir tilpassa og kan inkludere leik, aktivitetar eller trening. Foreldre og samarbeidspartnarar får vegleiing. - Tenesta kan og hjelpe med kartlegging og søknad om hjelpemiddel frå Nav. - Tiltak kan vera treningsperiodar, vegleiing til føresette, vegleiing til barnehage/skule, søkje om hjelpemiddel eller ein kombinasjon av fleire tiltak.
Forventingar til tenesteytar	- Tilby fagleg vurdering og tilpassa tiltak.
Forventingar til tenestemottakar	- Melde frå ved fråvær - Delta etter eigne føresetnader - Følgje opp tiltak

5.7 Ergo- og fysioterapiteneste over 18 år

Lovgrunnlag	Helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1, 3-2 og 3-3.
Kostnad	Du betaler eigenandel for behandling hos fysioterapeut fram til frikortgrensa. Eigenandelen følgjer gjeldande takstar. Ved opphald i institusjon, betaler du ikkje eigenandel for fysioterapi. Du betaler for opphaldet. Det er ikkje eigenandel for ergoterapi, hjelpemiddelformidling, førebyggjande heimebesøk, bustadrettleiing, tverrfaglege rehabiliteringstiltak eller behandling av dokumentert yrkesskade.
Formålet med tenesta	Gje tilpassa tiltak til personar over 18 år med mellombels eller varig nedsett funksjonsevne. Målet er at du meistra daglege aktivitetar og delta i kvardagen.
Kriteria for tildeling	Alle saker til ergo- og fysioterapitenesta vert vurderte etter prioriteringsvegleiaren.
Bortfallskriteriar	- Kan du få hjelp hos privatpraktiserande fysioterapeut, må du kontakta fysioterapeut med driftstilskot eller heilprivat fysioterapeut. - Du deltek ikkje aktivt ut frå eigne føresetnader, tek ikkje imot råd, behandlinga er avklara eller det er ikkje potensiale for betring - Du kan trena vidare på eiga hand eller med hjelp av andre tenester. - Er du under 18 år, vert du følgd opp av ergo- og fysioterapeut i Barne- og familietenesta.
Praktiske opplysingar	Ergo- og fysioterapitenesta vurderer fysisk og kognitiv funksjon. Tenesta kan gi tiltak som styrkjer funksjon, meistring og deltaking i kvardagen. Tenesta kan mellom anna bidra med: - rehabilitering på institusjon og i heimen - tilrettelegging for aktivitet og deltaking i kvardagen - opptrening etter sjukdom, operasjon eller skade, individuelt eller i gruppe - treningsperiodar - oppfølging ved alvorleg sjukdom og i livets siste fase - bustadtilrettelegging og bustadrådgjeving - vurdering, søknad, tilpassing og oppfølging av hjelpemiddel - råd og rettleiing - gruppetilbod, til dømes parkinson- og fallførebyggjande grupper
Forventingar til tenesteytar	- Tenesteytar gir rettleiing og opplæring som støttar eigenmeistring og medverknad.
Forventingar til tenestemottakar	- Meld frå tidleg ved fråvær. - Du tillèt bruk av naudsynte hjelpemiddel i heimen. - Du bidreg ut frå eigne føresetnader og følgjer opp tiltak, til dømes trening og aktivitet. - Du unngår røyking inne minst éin time før besøk. - Du held husdyr åtskilde frå dei tilsette. - Du har forståing for at faste tidspunkt ikkje alltid kan garanterast. - Du tek kontakt med leiar ved spørsmål om kvalitet eller innhald i tenesta. - Du møter tilsette med respekt og utset dei ikkje for trakassering eller uakseptabel åtferd. - Du sørgjer for snørydding og strøing om vinteren.

5.8 Rehabilitering og Habilitering utanfor institusjon

Lovgrunnlag	Helse- og omsorgstenestelova §3-1 og § 3-2 punkt 5. Pasient- og brukarettslova § 2-1. Forskrift om Habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator
Kostnad	Nei, helsehjelp er gratis
Formålet med tenesta	Å meistra kvardagen best mogleg, vera sjølvstendig og delta i familie-, arbeids- og samfunnsliv.
Kriteria for tildeling	Tildeling skjer etter søknad og ei individuell vurdering basert på prioriteringsvegleiaren, og der tildeling til dei under 18 år skjer via sosiale tenester. - Du har fått redusert funksjon etter sjukdom eller skade, og treng tverrfagleg rehabilitering for å meistra aktivitetar heime eller i nærmiljøet. - Du er motivert for å trena, nå eigne mål og klara deg best mogleg i eigen heim. - Heimen eller nærmiljøet ditt er ein eigna stad for rehabilitering. - Du har ein medfødd eller tidleg erverva tilstand som gir varig funksjonsnedsetting. - Du treng støtte til å meistra endringar i bustad, arbeid eller sosial deltaking på grunn av psykisk helse eller rusmiddelavhengigheit.
Bortfallskriteriar	- Alder eller diagnose avgjer ikkje åleine om du får heimerehabilitering eller Habilitering. Kommunen vurderer om tilbodet er tenleg, og om det er realistisk å styrkja funksjon, meistring eller sjølvstende. - Vedtaket kan opphøyra eller endra form som følgje av endring av behov, kjem deg til fysioterapeutiske treningstilbod el. og kan nytte desse - Behandlingsavklaring eller manglande motivasjon/oppmøte. - Tenesta kan ikkje gjennomførast innanfor rammene for frivillig medverknad (tvang)
Praktiske opplysingar	**Heimerehabilitering** er tidsavgrensa trening og støtte i heimen. Tilbodet tek utgangspunkt i måla dine og skal hjelpa deg å meistra daglege aktivitetar best mogleg - Tenesta kan givast heime, i nærmiljøet eller på dagtilbod, og vert som hovudregel gitt på dagtid i vekedagar. - Du får råd og rettleiing om tilrettelegging av bustad og meistring i kvardagen - Heimerehabilitering varer vanlegvis minst fire veker og vert vurdert ut frå måla dine. **Habilitering** er målretta støtte til å utvikla eller styrkja funksjon, meistring og sjølvstende. Tilbodet er særleg aktuelt når funksjonsnedsettinga er medfødd eller har kome tidleg i livet. - Habilitering vert som hovudregel gitt som tidsavgrensa vedtak for eitt år, med jamleg evaluering og justering
Oppgåver som tenesta ikkje inkludera	- Einskilde praktiske oppgåver utan mål om utvikling eller meistring - Tiltak som berre skal kompensera for eit konkret praktisk behov her og no - Tenesta vert ikkje prioritert ved opphald i spesialisthelseteneste - Praktiske oppgåver som kommunen ikkje har ansvar for, sjå praktisk bistand
Forventingar til tenesteytar	- Rettleiar og gjev opplæring for å støtte eigenmeistring og medbestemming - Utarbeide ein re-/habiliteringsplan med mål og aktuelle tiltak
Forventingar til tenestemottakar	- Bidra ut frå eigen føresetnad, og føl opp tiltak som t.d. trening og aktivitet. - Habilitering kan overlappa med både praktisk bistand – opplæring og helsehjelp. Det avgjerande er at tenesta er målretta, planlagd og retta mot funksjon, utvikling og deltaking

5.9 Praktisk bistand i heim – daglege gjeremål

Lovgrunnlag	Helse- og omsorgstenestelova § 3-1 og 3-2 første ledd nr. 6 b, Pasient og brukarettslova § 2-1.
Kostnad	Ja, eigenandel vert sett etter husstanden si samla nettoinntekt, sjå Bømlo kommune si nettside for takst
Formålet med tenesta	Å gje naudsynt støtte og hjelp i heimen slik at personar med nedsett funksjonsevne kan bu trygt og sjølvstendig heime lengst mogleg.
Kriteria for tildeling	Tildeling skjer etter søknad og ei individuell vurdering basert på prioriteringsvegleiaren. - Du treng hjelp til praktiske oppgåver og reingjering i heim på grunn av alvorleg sjukdom eller stor funksjonsnedsetting - Du treng hjelp til å utføre dagleglivets aktivitetar, og har ikkje partnar eller andre som kan hjelpa deg med oppgåvene. - Du treng hjelp til måltid fordi du ikkje klarar å laga eller varma ferdig mat sjølv.
Bortfallskriteriar	- Behovet gjeld sosial kontakt. - Du kan få hjelp frå husstanden, nettverket eller ved bruk av hjelpemiddel. - Du kan handla sjølv eller få hjelp til handling/levering på døra - Du klarar å varma eller gjera klar ferdiglaga mat sjølv. - Tenesta vert ikkje gitt berre fordi du brukar lengre tid på oppgåvene enn før, eller når andre i husstanden kan gjera arbeidet. - Sakshandsamar kan rettleia innbyggjarar om private reinhaldstenester når det er forsvarleg.
Praktiske opplysingar	Oppgåvene som vert utført vert kartlagt etter behov individuelt, og kan til dømes vera: - Enkel reingjering av rom som er i dagleg bruk, og eitt bad. Golvvask og vask av overflater under skulderhøgd, som hovudregel vert dette gjort kvar 3. veke. - Sengeskift vert som hovudregel gjort kvar 3. veke. - Privat klesvask vert som hovudregel utført ved bruk av Viergo vaskeriteneste. - Hjelp til å gå ut med søppel, oppvask ol. - Hjelp til å smørja og varma enkle måltid. - Middag kan leverast 3 dagar i veka ved halvt abonnement eller 6 dagar i veka ved fullt abonnement. Du betaler etter abonnementet. - Enkel bestilling av matvarer kan gjevast ved særskilt behov. Kommunen nyttar butikkar og apotek med utkøyring når dette er mogleg. - Helsepersonell skal ikkje bruka tenestemottakar sine kontantar eller bankkort. - Praktiske oppgåver i heimen etter vedtak
Oppgåver som til vanleg ikkje er inkludert i tenesta	- Spesialreingjering, sesongarbeid (t.d. vindaugevask, snømåking, hagearbeid) - Vask av kjøkenreiskap for hand, eller vask av klede for hand. - Vedlikehald av elektronisk- og/eller driftsutstyr i heim - Vedlikehald og driftsarbeid knytt av bustad. (t.d. reparasjonsarbeid, ommøblering, økonomibaserte oppgåver) - Vedlikehald av private hjelpemiddel. - Hjelp til kjæledyrhald, pynting til høgtider, baking mm. - Oppgåver andre i husstanden/nettverket kan gjer t.d. batteriskift, pante flasker, sette ut søppeldunk til vegen ved henting, reinsing av maskinar mm. Lista er ikkje uttømmande
Forventingar til tenesteytar	Koordinerer hjelpa og varslar ved endringar Skal ikkje bruke bankkort eller handtere kontantar

Forventingar til tenestemottakar	Melde frå ved fråvær i god tid Avlyste tenestebesøk kan felle vekk (*inkl. vask som fell på heilagdag*) Ha naudsynt vaskeutstyr klart Ha ein god mikrobølgeomn (for oppvarming av mat). Gje beskjed ved behov for å endre dag (minst 2 dagar før) Unngå røyking inne må minst 1 time før besøk, utlufting om mogleg Husdyr vert haldne åtskilt Bruke robotstøvsugar eller ha god støvsugar med posar Sikre snørydding og strøing på privat veg Vis respekt - Ikkje utsette tilsette for trakassering eller utilbørleg framferd

5.10 Praktisk bistand i heim – opplæring: opplæring i daglege gjeremål

Lovgrunnlag	Helse- og omsorgstenestelova § 3-1 og 3-2 første ledd nr. 6 b, Pasient- og brukarrettslova § 2-1
Kostnad	Ja, for oppgåver som ikkje gjeld personleg stell og eigenomsorg. Eigenandel vert sett etter husstanden si samla nettoinntekt, sjå Bømlo kommune si nettside for takst
Formålet med tenesta	Å hjelpa deg til å klara mest mogleg sjølv i kvardagen, gjennom opplæring og trening i daglege gjeremål.
Kriteria for tildeling	Tildeling skjer etter søknad og ei individuell vurdering basert på prioriteringsvegleiaren. - Du har helseutfordringar og treng helse- og omsorgstenester i kvardagen. - Du treng særleg hjelp på grunn av sjukdom eller funksjonsnedsetting. - Du treng kartlegging, opplæring eller trening for å meistra kvardagen betre. - Du treng målretta miljøarbeid eller støtte til å regulera åtferd - Du er heilt eller delvis avhengig av praktisk eller personleg hjelp og støtte til å greie dagleglivets gjeremål - Du har potensiale til å kunne klare oppgåvene/deler av oppgåvene sjølv i nær framtid - Du er «ny» i tenesta kor målet er å kartlegge funksjonsnivå - Du har hatt eit funksjonsfall med behov for opptrening
Bortfallskriteriar	- Behov for tenester på høgare nivå (spesialisthelsetenesta). - Behov som kan dekkast av praktisk bistand aleine utan opplæring, støttekontakt eller andre lågterskeltilbod - Motivasjon og evne til å lære vert vurdert låg - Du kan følgjast opp med kvardagsmeistring og heimerehabilitering eller anna førebyggjande tiltak.
Praktiske opplysingar	- Opplæring i daglege gjeremål, til dømes å stå opp, leggja seg, kle på seg, ivareta personleg hygiene, handle, vaske osb. - Bur du i døgnbemanna bustad, får du eit tilpassa tilbod der. - Tenestene vert vurderte ut frå dine behov. - Teknologiske løysingar vert brukte når det er tenleg og forsvarleg. - Helsepersonell skal ikkje bruka kontantar eller bankkort for tenestemottakaren. - Hjelpemiddel og helseteknologi skal vera prøvde eller vurderte først, til dømes robotvaskar. **Betalingstenester – praktiske oppgåver som vert fakturert sjølv om det er under opplæring.** - Ringe inn handleliste til daglegvarebutikk og/eller apotek, samt handle - Matombringing - Hente post, gå ut med søppel og setje ut søppeldunk - Reingjering
Oppgåver som til vanleg ikkje er inkludert i tenesta	- Spesialreingjering, sesongarbeid (t.d. vindaugevask, snømåking, hagearbeid) - Vask av kjøkenreiskap for hand, eller vask av klede for hand. - Vedlikehald av elektronisk- og/eller driftsutstyr i heim - Vedlikehald og driftsarbeid knytt av bustad. (t.d. reparasjonsarbeid, ommøblering, og økonomibaserte oppgåver) - Transport av tenestemottakar - Hjelp til kjæledyrhald, pynting til høgtider, baking mm

	- Oppgåver andre i husstanden/nettverket kan gjere (t.d. batteriskift, reinsing av maskinar mm) - Lista er ikkje uttømmande
Forventingar til tenesteytar	- Individuell tilpassing og god dialog med tenestemottakar og pårørande. - Sørgjer for målretta opplæringstiltak - Evaluerer fortløpande dei iverksette tiltaka
Forventingar til tenestemottakar	- Er motivert for å gjere ein eigeninnsats - Samarbeide og delta i treninga/opplæringa - Har forståing for at ein del av oppgåvene kan gå over til å vera reine praktisk bistand – daglege gjeremål - Har mikrobølgeomn dersom behov for hjelp til å varme opp mat/middag

5.11 Pårørandestøtte, barn og unge - Avlastning

Lovgrunnlag	Helse- og omsorgstenestelova § 3-6 punkt 2. Pasient- og brukarettslova §§ 2-8 og 3-1, andre ledd.
Kostnad	Nei, tilbodet er gratis. Forskrift om eigenandel for kommunale helse og omsorgstenester.
Formålet med tenesta	Gje foreldre/familiar med særleg tyngande omsorgsoppgåver naudsynt avlasting og fritid, og førebyggje overbelastning-
Kriterium for tildeling	Tildeling skjer etter søknad og ei individuell vurdering basert på prioriteringsvegleiaren utført av sosiale tenester, barn og unge. - Omsorgsarbeidet er særleg fysisk og/eller psykisk krevjande. - Inneber nattarbeid eller avbrot i nattesøvn. - Fører til sosial isolasjon og/eller mangel på fritid og ferie. - Vurderast i samanheng med det totale tilbodet til omsorgsmottakar.
Bortfallskriteriar	- Omsorgsbehovet er kortvarig eller forbigåande. - Tenestemottakar avslår eller ikkje nyttar andre relevante tilbod (t.d. SFO, ferie-SFO).
Praktiske opplysingar	- Kommunen tilbyr primært avlasting i avlastningsbustad med heildøgnsbemanning. - I særskilte tilfelle kan avlasting skje i private heimar med godkjent avlastar. - Tilbodet blir tilpassa individuelt. - Maks 56 timar samanhengande ansvar for avlastar (utanom fellesferien). - Døgnopphald inkluderer kost og losji. - Føresette/verje bør sørgje for transport til og frå opphald for å sikre trygg overlapp
Forventingar til tenesteytar	- Ansvar for kvalitet i tenesta, fokus på folkehelse og målretta miljøarbeid. - Sikre trygt miljø og ivareta barn og unge sine behov for tryggleik, omsorg og utvikling. - Vurderer avlasting saman med andre tenester.
Forventingar til tenestemottakar	- Sørgje for naudsynt utstyr og medikament til opphaldet - Dekke utgifter som ikkje inngår i vedtak - Nytta avlastingstida til kvile, sosialt samvær, fritid eller ferie. - Støtte omsorgsmottakar i å ta imot kommunale tenester.

5.12 Pårørandestøtte - Avlasting over 18 år med bustadtrening

Lovgrunnlag	Ordninga er ikkje lovpålagt, men opplæring, vegleiing og avlastning er i somme tilfelle jf. Helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1, 3-2 første ledd nr.6 b og 3-6, samt Pasient- og brukarrettslova § 2-1 og §2-8, og vert for nokre søkt løyst gjennom denne ordninga.
Kostnad	Opplæring, vegleiing og avlasting er gratis. Du må sjølv ha midlar i samsvar med eige budsjett som dekkjer daglegvarer og aktivitetar i bustadtreningsperiodane. Dette går fram av den individuelle planen, der styring av eigen økonomi og handling er ein del av butrening, og det er sett rammer for budsjettet for å gjera treninga realistisk. Transport til og frå bustad må ordnast sjølv, eller utførast av føresette/verje
Formålet med tenesta	Sikre avlasting for føresette, og innhald i form av butrening for personar som ikkje sjølv kan skaffe seg eigna bustad grunna økonomiske, sosiale eller større helsemessige utfordringar.
Kriteria for tildeling	Tildeling skjer etter søknad og ei individuell vurdering basert på prioriteringsvegleiaren: - Du bur og er folkeregistrert i Bømlo kommune. - Du er i ein livsfase der det er aktuelt å kartleggja og øva på å bu meir sjølvstendig. - Du har nedsett funksjonsevne eller behov for helse- og omsorgstenester i kvardagen. - Kartlegging viser at du har potensiale til å bu sjølvstendig med tilrettelegging eller noko hjelp. - Du treng tilrettelagd bustad for å meistra kvardagen. Bustadtrening kan brukast for å kartleggja framtidig behov.
Bortfallskriteriar	- Brot på avtale, eller langvarig opphald på institusjon el. - Ikkje busett i Bømlo, eller oppheld deg i annan kommune over tid.
Praktiske opplysningar	- Det er rullering på avlastingstilbodet i treningsbustad, tidsrom for opphald kjem fram i vedtaket. - Ved manglande kapasitet vert du sett på venteliste. - Det vert forventa høg utnytting av helse- og meistringsteknologi - Du må forplikta deg til å arbeida etter den individuelle planen som er fastsett i eige vedtak, og som du sjølv har medverka til. Dette gjeld også heime. **Kommunal bustad for butrening** - Bustad er eigd av Bømlo kommunale eigedomsselskap, er enkelt møblert, inkludert straum, og universelt utforma.
Forventingar til tenesteytar	- Samarbeid med bebuar, pårørande og andre tenester
Forventingar til tenestemottakar	- Du må forplikta det til å arbeida med den individuelle planen som er fastsett i vedtaket, og som du sjølv har medverka til. Dette gjeld også heime. - Du må ha pengar til daglegvarer og aktivitetar under bustadtreninga, innanfor eige budsjett. Øving på økonomi og handling inngår i den individuelle planen. Halde bustaden i god stand og bidra til godt bumiljø. - Respektere husreglar - Bruke meistring- og helseteknologi forsvarleg.

5.13 Aktivitetstilbod for heimebuande personar med kognitiv svikt - Trivselshuset

Lovgrunnlag	Helse- og omsorgstenestelova § 3-2 første ledd nr 7. Pasient- og brukarrettslova § 2-1 og § 2-8
Kostnad	Ja, ein betalar eigenandel etter gjeldande takst som du finn på nettsida til Bømlo kommune.
Formålet med tenesta	Å gje heimebuande personar med kognitiv svikt eit tilrettelagt aktivitetstilbod, med moglegheit for sosial deltaking ut over eige nettverk, samt avlasting til for pårørande.
Kriteria for tildeling	Tildeling skjer etter søknad og ei individuell vurdering basert på prioriteringsvegleiaren. Personar med demens eller tilsvarande kognitiv svikt vert prioritert - Er heimebuande - Du har fått eller er under utgreiing for kognitiv svikt, demensdiagnose. - Har behov for rettleiing/trening/aktivisering og vedlikehald av ferdigheitar - Har pårørande som står i særleg krevjande omsorgsoppgåver og treng avlastning. - motivert for deltaking. - Du er sjølvhjelpen i forflytting, toalett- og måltidssituasjonar. - Du meistra å vere i fellesskap med fleire.
Bortfallskriteriar	- Fungera godt i kvardagen, forsvarleg å vera aleine heime. - Behov for tett personbistand - Låg fungering i gruppe (funksjonsnivå/CFS) - Langvarig eller hyppig fråvær - Kan få ambulerande dagtilbod ved behov som eit alternativ. - Tilbodet om dagtilbod fell som hovudregel vekk om du får innvilga tilbod i omsorg pluss eller institusjon.
Praktiske opplysingar	- Tilbodet tek utgangspunkt i vedkommande sine føresetnadar, behov og ynskjer. - Transport tur/retur heim for dei som treng det (hentetidspunkt er førande) - Felles måltid, og frukost/middag vert servert i løpet av dagen - Ope på kvardagar, stengt alle heilagdagar og mogleg i periodar på sommartid Det er trivselshus på Bremnes, Langevåg og Moster.
Forventingar til tenesteytar	- Opptrer respektfullt, og har teieplikt. - Tilbodet er lagt opp slik at tenestemottakar skal kjenne meistring
Forventingar til tenestemottakar	- Opptrer respektfullt. - Har forståing for at transport til/frå tilbod kan bli forsinka grunna prioriteringar. - Melde frå ved sjukdom/fråvær

5.14 Dagtilbod for personar med utviklingshemming/nedsett funksjonsevne - Aktivitetstunet

Lovgrunnlag	Arbeid- og aktivitet er ikkje ei direkte lovpålagt teneste, men viser til Helse- og omsorgstenestelova § 3-3 og § 3-6, Pasient- og brukarettslova §2-1 og §2-8.
Kostnad	Nei, tilbodet er gratis.
Formålet med tenesta	Å gje vaksne med utviklingshemming og/eller nedsett funksjonsevne, eit tilrettelagt aktivitetstilbod som fremjar meistring, sosialt fellesskap og ein meiningsfull kvardag.
Kriteria for tildeling	Tildeling skjer etter søknad og ei individuell vurdering basert på prioriteringsvegleiaren. - Du er over 18 år og har behov for sysselsetting, arbeidsretta aktivitet eller tilrettelagt aktivitet utover det ordinære arbeidslivet. - Du har behov for ein strukturert og meiningsfull kvardag i eit sosialt fellesskap - Du har behov for eit tilbod som er tilpassa for meistring i kvardagen - Du har behov for dialog og samarbeid om tenesta
Bortfallskriteriar	- Kan nyttegjer seg av anna aktivitetstilbod som t.d. varig tilrettelagt arbeid (VTA) - Kan ikkje lenger nyttegjer seg av tilbodet - Langvarig fråvær utan gyldig grunn kan føre til at ein mister plassen
Praktiske opplysingar	- Tilbodet blir tilpassa individuelle behov og evner, med fokus på kvardagsaktivitet og sansestimulering, samt inkludering, trivsel og helsefremjande aktivitetar. - Aktivitetar med variert innhald. - Tilbod 1–5 dagar i veka etter individuell vurdering - Me tek imot elevar frå vidaregåande skule for tilrettelagt praksis. - Tilbodet er stengt i romjula, påske og fire veker om sommaren. - Det er ikkje krav til arbeidsproduksjon, men Aktivitetstunet har eigen butikk og sel varer på marknadar/messer. - Tilbodet om dagtilbod som fell som hovudregel vekk om du får innvilga tilbod på institusjon. - Transport til og frå tilbodet vert avtala nærare med tenesta
Forventingar til tenesteytar	- Fokus på læring, trivsel og meistring
Forventingar til tenestemottakar	- Bidra til eit godt sosialt miljø - Respektere Aktivitetstunet sin nulltoleranse for mobbing og rus, samt biletetaking/filming av andre. - Langvarig fråvær kan føre til at ein mister plassen.

5.15 Helsetenester i heimen

Lovgrunnlag	Helse- og omsorgstenestelova §3-1, § 3-2 nr. 6a Pasient- og brukarettslova §2-1
Kostnad	Nei, helsetenester i heimen er gratis
Formålet med tenesta	Sikra helsehjelp til personar som bur heime, når dette er krevja for å førebyggja, observera, behandla, halda ved lag helse eller gje naudsynt pleie og omsorg.

Kriteria for tildeling	Tildeling skjer etter søknad og ei individuell vurdering basert på prioriteringsvegleiaren, og helseteknologi vert vurdert først der det er tenleg.
	
	Hjelp til å administrera legemiddel
	Hjelp til legemiddelhandtering kan vera aktuelt dersom søkjar:
	- ikkje klarar å handtera legemidla sine sjølv på grunn av:
	  ○ nedsett hukommelse eller vurderingsevne
	  ○ tydeleg nedsett funksjonsevne
	  ○ utfordringar med psykisk helse eller rus
	- ikkje kan nytta multidose direkte frå apotek, anten ved å henta sjølv eller få levert heim
	- ikkje kan nytta privat meistringsteknologi, til dømes app eller elektronisk medisindispensar
	- brukar legemiddel som ikkje kan givast i multidose eller elektronisk medisindispensar
	Legemiddelliste og reseptar frå lege eller sjukehus må vera klare før tenesta kan starta.
	
	Prøvetaking, undersøkingar, injeksjonar og liknande
	Hjelp til prøvetaking, undersøkingar, injeksjonar og liknande kan vera aktuelt dersom:
	- oppgåva ikkje kan utførast hos fastlege eller annan behandlingsstad
	- søkjar ikkje klarar å koma seg til fastlege
	- oppgåva er forordna av lege
	
	Sårbehandling
	Hjelp til sårbehandling kan vera aktuelt dersom:
	- du klarar ikkje å utføra sårstell sjølv, og ikkje læra å gjera det
	- du klarar ikkje å koma deg til fastlege
	- det er fagleg grunngjeve at sårstell må utførast av helsepersonell i heimen
	
	Psykisk helsearbeid
	Hjelp til psykisk helsearbeid kan vera aktuelt dersom søkjar:
	- har langvarige og samansette psykiske helseutfordringa
	- får ikkje tilstrekkeleg hjelp gjennom lågterskeltilbod
	- meistra ikkje å koma seg til kommunalt tilbod
	
	Fagleg kartlegging, vurdering og oppfølging
	Hjelp kan vera aktuelt ved behov for:
	- fagleg kartlegging, vurdering og oppfølging, til dømes ved ernæringsrisiko
	- sjukepleiefaglege prosedyrar

	- oppfølging etter utskriving frå kommunal institusjon eller spesialisthelsetenesta - opplæring av søkjar eller pårørande, slik at dei kan utføra heile eller delar av faglege prosedyrar sjølve, dersom det er fagleg forsvarleg Dette kan til dømes gjelda sårstell, stomistell, prøvetaking eller augedrypping. **Personar med kognitiv svikt** Hjelp til personar med demens/kognitiv svikt kan vera aktuelt for å: - gje heimebesøk og samtale som kan verka førebyggjande og styrkja livskvalitet - fanga opp endringar i fysisk og psykisk helsetilstand tidleg - setja i verk naudsynte tiltak - sikra systematisk samarbeid med pårørande **Omsorg ved livets slutt i heimen** Omsorg ved livets slutt i heimen kan vera aktuelt når: - behandlingsavklaring, palliativ plan, samt lindrande behandling er klart - lege har forordna smerte- og symptomlindrande behandling. - det er mogleg å skapa tryggleik for deg og dine pårørande - du har pårørande eller andre som kan vera tilgjengelege i den siste fasen - samhandling med sjukehus og/eller fastlege er avklart
Bortfallskriteriar	- fungera godt i kvardagen, meistrar eiga helse - tenesta kan gjevast på eit lågare nivå som til dømes gjennom praktisk bistand. - treng tenester frå spesialisthelsetenesta - kan møta på legekontoret, får då ikkje heimebesøk for tilsvarande tenester - meistra å administrera medikament, ev. multirull direkte frå apotek sjølv.
Praktiske opplysingar	- tenesta skal støtte eigenmeistring og førebygging, med høg bruk av helseteknologi. - samarbeid med deg og dine pårørande er viktig - *kva er viktig for deg?* - leveransar frå apotek sendast direkte heim til brukar, t.d. inkontinensutstyr - Personar som høyrer til dei prioriterte gruppene etter tannhelsetenestelova, kan ha rett til nødvendig tannhelsehjelp frå den offentlege tannhelsetenesta. Den offentlege tannhelsetenesta avgjer om vilkåra er oppfylte. **Medikamenthandtering** Ved behov for hjelp med legemiddelhandtering, og administrering av medikament vil det om mogleg verta gjeven ved bruk av elektronisk medikamentdispensar. Medikament vert som hovudregel gjeven ved å nytte multidoserull. **Psykisk helse** Tilbodet er for deg som har psykiske helseutfordringar og treng hjelp til å meistra kvardagen. Du kan få samtalar, rettleiing og øvingar som du arbeider med heime. Hjelpa vert tilpassa behova dine og passar best når du kan delta aktivt i oppfølginga. Oppfølginga skjer vanlegvis ved psykisk helseteneste, eller heime etter avtale.
Oppgåver som tenesta ikkje inkludera	- oppgåver som kan utførast i form av praktisk bistand - tenester som utførast på legekontor. - vedlikehald av hjelpemiddel. skyss/transport i bil - det vert som hovudregel ikkje gjeve helsehjelp i heim som tilsyn

	- innbyggjar kan nytte privat multidose direkte frå apoteket utan involvering av kommune
Forventingar til tenesteytar	- bidrar til rettleiing og opplæring. - koordinering ved primærkontakt. - tilbyr digital oppfølging der det er aktuelt
Forventingar til tenestemottakar	- melde frå ved fråvær, og ha forståing for at faste tidspunkt ikkje alltid er mogleg grunna prioriteringar - naudsynt ommøblering og fjerning av tepper aksepterast. - tillate bruk av naudsynte hjelpemiddel - unngå røyking inne minst 1 time før besøk - husdyr haldast åtskilt frå tilsette - du bestiller sjølv time til lege/tannlege. - sikre snørydding og strøing om vinteren - vis respekt - ikkje utset dei tilsette for trakassering eller utilbørleg åtferd

5.16 Psykisk helse – Behandle og rettleie

Lovgrunnlag	Helse og omsorgstenestelova §§ 3-1 og3-2 Pasient og brukarettslova §2-1
Kostnad	Nei, tilbodet er gratis.
Formålet med tenesta	Å førebyggja, behandla og styrkja meistring av psykiske helseutfordringar.
Kriteria for tildeling	Tildeling skjer etter søknad og ei individuell vurdering basert på prioriteringsvegleiaren. - over 18 år med aukande psykiske helseutfordringar. - meistrar ikkje kvardagen grunna helseplager. - vil kunne nyttiggjera seg av behandling - samtykkje til handsaminga - er kartlagt på eit lågare nivå og har behov for tettare oppfølging
Bortfallskriteriar	- treng tenester frå spesialisthelsetenesta. - har fått alle verktøy tenesta har, etter langvarig behandling i tenesta. - har behov som kan dekkast av aktivitetstilbod eller møteplass. - har arbeidsrelaterte utfordringar som kan løysast via bedriftshelseteneste. - har tilgang til eigna tilbod ved eigen utdanningsinstitusjon.
Praktiske opplysingar	- assistert sjølvhjelp kombinerer nettbaserte program med oppfølgingssamtalar, slik at du kan jobbe med øvingar og oppgåver heime for å få hjelp med ulike utfordringar. - etter innvilga hjelp tar psykisk helsetenester kontakt for oppstart av hjelpa. - oppfølging skjer i hovudsak på kontora til Psykisk helseteneste.
Forventingar til tenesteytar	
Forventingar til tenestemottakar	- møt opp til avtalt tid og gje beskjed ved fråvær i god tid. - du er aktivt deltakande, både under timen og heime mellom timane. - bidra etter eigne føresetningar. - samarbeid med sakshandsamar om mål og tiltak - vis respekt – ikkje utset tilsette for trakassering eller utilbørleg åtferd.

5.17 Brukarstyrt personleg assistanse (BPA)

Lovgrunnlag	Helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1 og 3-2 første ledd nr. 6 b jf. 3-8 og Pasient og brukarrettslova § 2-1 og 2-1 d.
Kostnad	Ja, tenesta kostar det same som praktisk bistand med fullt abonnement. Eigenandelen vert rekna ut frå nettoinntekt og vert justert årleg.
Formålet med tenesta	BPA tek utgangspunkt i ressursane dine og bidrar til at du kan meistra eigenomsorg og daglege gjeremål best mogleg.
Kriteria for tildeling	Tildeling skjer etter søknad og ei individuell vurdering basert på prioriteringsvegleiaren. Dersom du ikkje har kommunale tenester frå før, kan kommunen først gi deg tenester i ein avgrensa periode for å kartleggja hjelpebehovet. - Du må ha beslutningskompetanse og sjølv ønskja tenesta. - Du må ha langvarig behov, over to år, og stort behov for personleg assistanse. - Du har som hovudregel rett til BPA dersom behovet er minst 32 timar per veke. - Du kan også ha rett til BPA ved behov på 25–32 timar per veke, dersom kommunen ikkje kan dokumentera at BPA vert vesentleg dyrare enn andre tenester. - Kommunen kartlegg behovet, mellom anna med døgnklokke. - BPA omfattar vanlegvis ikkje hjelp som krev fleire tenesteytarar samstundes eller hjelp om natta. Unntak kan gjerast ved kontinuerleg behov. - Du må vera folkeregistrert i Bømlo. Ved flytting til Bømlo må behovet avklarast med kommunen i god tid. Det er ikkje gitt at du får same timetal som i tidlegare kommune. **Særskilt for barn** - BPA kan erstatta støttekontakt, avlasting og praktisk bistand.
Bortfallskriteriar	- Retten til å få tenester organiserte som BPA vert vurdert etter pasient- og brukarrettslova § 2-1 d. Aldersreglane og eventuelle overgangsreglar i den til kvar tid gjeldande lova skal leggjast til grunn. - Hjelpebehovet er punktvis (kortare og enkeltståande gjeremål) eller gjeld hjelp om natta. - Arbeidsleiarrolla fungera ikkje, eller brukarstyringa er ikkje reell. - Tenesta kan ikkje ytast forsvarleg, eller arbeidsforholda kan ikkje sikrast godt nok. - Tenesta gjeld berre medan du bur i kommunen. - Retten omfattar vanlegvis ikkje hjelp i skule eller arbeid. - Oppgåvene endrar seg slik at det i realiteten går over til å vera helsehjelp og det er behov for oppdatert kartlegging og
Praktiske opplysingar	**Brukarstyrt personleg assistanse (BPA)** er ein måte å organisera å organisera praktisk hjelp på for personar med store og langvarige hjelpebehov. BPA kan vera aktuelt for personar som treng praktisk eller personleg hjelp i kvardagen, både heime og utanfor heimen, på grunn av sjukdom, skade, liding eller nedsett funksjonsevne. BPA kan omfatta: • personleg assistanse • praktisk bistand • opplæring i daglege gjeremål • støttekontakt • avlasting for foreldre med heimebuande barn under 18 år med nedsett funksjonsevne Det er innhaldet i hjelpebehovet og formålet med hjelpa som avgjer om tenesta kan organiserast som BPA.

	BPA skal gi tenestemottakaren meir styring over kvardagen og større moglegheit til å delta i aktivitetar, arbeid, utdanning og sosialt liv. Samstundes er BPA ikkje ei eiga teneste, men ein måte å organisera tenester som tenestemottakaren allereie har rett til. Tenestemottakaren må som hovudregel kunna vera arbeidsleiar for assistentane. Det betyr å planleggja, organisera og følgja opp ordninga i det daglege. Dersom tenestemottakaren ikkje kan vera arbeidsleiar sjølv, kan ein annan person i somme tilfelle ta denne rolla. **Særskilt for barn.** Barn kan ikkje styra ordninga sjølve. Foreldre eller verje må då ta ansvar for brukarmedverknaden og arbeidsleiinga. Det same kan gjelda vaksne med omfattande kognitiv funksjonsnedsetting, der verje eller annan nær person må representera tenestemottakaren. **Timane må haldast innan vedtaket** Kommunen fastset kor mange BPA-timar tenestemottakaren har. Desse kan brukast etter gjeldande behov, og på reise, men timetalet kan ikkje overskridast. **Timane må brukast til rett formål** BPA-timane skal berre brukast til dei behova som er fastsette i vedtaket. Dei kan ikkje nyttast til andre formål, verken heime eller på reise. **Arbeidsmiljølova skal følgjast** BPA-assistentar er tilsette med rettar etter arbeidsmiljølova. Reglane om arbeidstid, pausar og overtid gjeld og på reise. Tenestemottakaren har ansvar for dette som arbeidsleiar. **Kommunen skal ikkje få meirutgifter** Kommunen dekker ikkje ekstra kostnader knytte til reise, som transport, kost og losji for assistenten. Slike utgifter må tenestemottakaren sjølv betale, elles kan assistenten ikkje vere med. **Utanlandsopphald må avklarast på førehand.** Ved lengre reiser til utlandet skal dette avklarast med kommunen på førehand. Dette gjeld mellom anna forsikring, arbeidsgivaransvar og om opphaldet kan gjennomførast på ein forsvarleg måte.
Forventingar til tenesteytar	I Bømlo kommune vert det nytta eksterne BPA leverandørar for å yte tenesta, eventuelt tenesta vert ytt av Bømlo kommune direkte. Eksterne BPA leverandørar har arbeidsgjevaransvaret for sine assistentar.
Forventingar til tenestemottakar	- Setje seg inn i regelverket og vedtaket - Skaffe og samarbeide med assistentar, kommune og andre - Syte for godt arbeidsmiljø og bustad. - Unngå røyking inne minst 1 time før besøk - Føresette må kunne vere arbeidsleiar for barn under 18 år - Tenestemottakar, eller anna medhjelpar, tek på seg ansvaret som arbeidsleiar/medarbeidar, og har dermed òg ansvar for organisering og administrering av tenesta i tråd med rammer i vedtak og lova sitt føremål - Gir forsvarleg opplæring til assistentane - Heimen er tilrettelagt for at assistenten får eit godt arbeidsmiljø, og evt. tek initiativ til eller tek i mot hjelp til utbetring av bustad.

	- At kommunen får tilstrekkeleg med innsikt i BPA-ordninga gjennom interntilsyn for å kunna kontrollera at tenestetilbodet er fagleg forsvarleg og at ekstern leverandør følgjer gjeldande lovverk
Merknad	Når du får BPA, kan du velja kommunen eller ein godkjend privat leverandør. Det skal inngåast skriftleg kontrakt etter NS 8435 B. Arbeidsleiarrolla er ikkje løna. Kommunen har overordna ansvar for at BPA-ordninga er forsvarleg og følgjer regelverket. Kommunen kan derfor ha direkte dialog med assistentane. Leverandøren skal senda månadleg rapport til tenestekontoret om hjelpebehov og brukte timar. Kommunen kan føra tilsyn med private leverandørar og kontrollera internkontrollen deira.

5.18 Koordinator, barnekoordinator og individuell plan

Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse- og omsorgstenester i kommunen §§ 7-1 til 7-3. Pasient og brukarrettslova §2-5 b og c. Forskrift om Habilitering, rehabilitering og koordinator. Forskrift om individuell plan med ytelse av velferdstenester
Kostnad	Nei, individuell plan og koordinator er gratis.
Formålet med tenesta	Sikre samordning og koordinering av tenestetilbodet.
Kriterium for tildeling	Tildeling skjer etter søknad og ei individuell vurdering basert på prioriteringsvegleiaren. Tenestemottakar har behov for langvarige og koordinerte tenester.
Bortfallskriteriar	- Behovet opphøyra eller ein ser det som tenleg å avslutte då det ikkje lenger er behov for koordinerte tenester, eller har 2 eller færre helse- og omsorgstenester - Brukar bed sjølv om å avslutte tenestene, vil ikkje lenger vera aktivt deltakande.
Praktiske opplysingar	**Koordinator** sørger for at tenestene verkar saman og blir tilpassa den einskilde, og sikre god kommunikasjon/samhandling slik at det vert heilskap og kontinuitet i tilbodet. Koordinator bidrar i perioden fram til kvardagen har stabilisert seg. Dette gjeld sjølv om ein ikkje har IP. **Individuell plan (IP)** er eit verktøy for samarbeid mellom tenestemottakar og hjelpeapparat. **Barnekoordinator** skal bidra til at barn, unge og familiar med behov for langvarige og samansette tenester får eit heilskapleg og samordna tilbod. Koordinatoren sørgja for god kommunikasjon mellom familien og tenestene, og bidra til at oppfølginga vert tilpassa barnet og familien sine behov. Dette gjeld også når barnet eller familien ikkje har individuell plan (IP). - Du får oppnemnt ein koordinator som føl opp og samordnar tenestene. - Du kan få koordinator sjølv om du ikkje ynskjer IP, IP vert laga berre om det er tenleg - Ansvarsgruppa kan tilrå tiltak, men tildelingskontoret gjer vedtak.
Forventingar til tenesteytar	- Samarbeide med tenestemottakar og pårørande om møte - Halde minst eitt møte årleg (ansvarsmøte) - Setje i gang arbeidet med IP, sikre oppdatering og bruk
Forventingar til tenestemottakar	- Du deltek aktivt i utarbeidinga. - Pårørande kan medverke dersom du ynskjer det. - Gjere seg kjend med vedtaket - Delta i ansvarsgrupper og utarbeiding av planen

5.19 Pårørandestøtte - Omsorgsstønad

Lovgrunnlag	Helse- og omsorgstenestelova § 3-6, og Pasient og brukarettslova § 2-8.
Kostnad	Nei, tenesta er gratis.
Formålet med tenesta	Bidra til best mogleg omsorg for dei som treng hjelp i dagleglivet og gjere det mogleg for private omsorgsytarar å halde fram med omsorgsarbeidet
Kriteria for tildeling	Tildeling skjer etter søknad og individuell vurdering. Du må som hovudregel oppfylla eitt eller fleire av vilkåra under: - Omsorgsarbeidet er varig og særleg tyngjande, til dømes på grunn av omfang, fysisk eller psykisk belastning, nattarbeid, lite fritid eller lang varigheit. - Den som treng omsorg, har eit langvarig hjelpebehov på grunn av sjukdom, alder eller funksjonsnedsetting. - Omsorga inneber mykje nattarbeid eller avbrot i nattesøvnen. - Omsorga gjeld oppgåver som kommunen elles måtte ha utført. - Kommunen vurderer omsorgsstønad opp mot andre former for pårørandestøtte, som avlasting, opplæring og rettleiing. - Omsorgsytaren må vera eigna til oppgåva, og som hovudregel bu heime. **Særskilt for barn** - Omsorga må vera klart meir omfattande enn det som er vanleg for barn på same alder. - Kommunen kan be om at det vert søkt om hjelpestønad frå NAV, og ta dette med i vurderinga.
Bortfallskriteriar	- Stønaden fell vekk dersom vilkåra ikkje lenger er oppfylte. - Stønaden fell vekk dersom omsorgsmottakaren over tid er på institusjon eller får andre tenester som dekkjer hjelpebehovet. - Stønaden fell vekk dersom kommunen vurderer at hjelpebehovet ikkje vert dekt på ein forsvarleg måte. - Inntektstap åleine gjev ikkje rett til omsorgsstønad.
Praktiske opplysingar	- Omsorgsstønad er ei kommunal økonomisk yting til personar som gjer særleg tyngjande omsorgsarbeid. - Det er privatpersonar som gir omsorg til ein nærståande, til dømes barn, ektefelle, som kan få stønaden. - Kommunen vurderer om omsorgsstønad er rett tiltak, eller om behovet bør dekkjast med andre tenester. Beløp og omfang vert fastsett etter individuell vurdering. Som hovudregel vert det gitt minst 3 timar og maksimalt 35 timar per månad. Det finst ikkje ein statleg minstesats. Når ein fastset tal timar skal det takast omsyn til andre tenester som tenestemottakar mottek. - Omsorgsstønad er skattepliktig og gir pensjonsopptening. - Omsorgsstønad kan påverka ytingar frå NAV. Endringar skal meldast til NAV. - Rundskriv I-42/98 er rettleiande og vert nytta. Søknad skal sendast til kommunen. Kommunen vurderer behovet og kva form for pårørandestøtte som er best eigna. Vedtaket er tidsavgrensa.
Forventingar til den som får omsorgstønad	- Melde frå om endringar, til dømes opphald i spesialisthelsetenesta - Informere om aktuelle opplysningar og samtykke når det trengst.

5.20 Kommunal omsorgsbustad

Lovgrunnlag	Lov om kommunens ansvar på det bustadsosiale feltet (boligsosiallova) § 6 jf. § 4, Sosialtenestelova § 15, Husleielova § 11-1
Kostnad	Ja, vert regulert av husleigekontrakt mellom bebuar og Bømlo Kommunale Eigedomsselskap (BKE)
Formålet med tenesta	Sikre bustad til vanskelegstilte innbyggjarar som sjølv ikkje kan skaffe eigna bustad grunna økonomiske, sosiale eller helsemessige årsaker, slik at ein kan sikre mest mogleg sjølvstendig liv.
Kriteria for tildeling	Tildeling skjer etter søknad og ei individuell vurdering basert på prioriteringsvegleiaren, og din nåverande bustad vert kartlagt og vurdert før søknad vert handsama. - Du er utan tilrettelagt bustad eller i ferd med å miste bustaden. - Du har forsøkt å finne bustad privat, men klarar ikkje å skaffe eigna bustad grunna økonomiske, sosiale, helsemessige og psykososiale grunnar (vanskelegstilt på bustadmarknaden). **Tilleggskriterium for omsorgsbustad:** - Du har varige og alvorlege fysiske- eller psykiske funksjonsnedsettingar, som ikkje fell inn under målgruppa som skal vurderast for langtidsplass ved institusjon. - Du har funksjonsnedsettingar som treng ein tilrettelagt bustad av ein slik art som det ikkje er mogleg å oppnå med hjelpetiltak og tilpassingar i heim. - Du har behov for pleie, bistand, tilsyn, vegleiing eller trygging knytt til bustad for å kunne ivareta eiga helse.
Bortfallskriteriar	- Under 18 år. - Brot på husleigeavtale. - Langvarig institusjonsopphald. - Har forutsetningar for å skaffa ny eigna bustad
Praktiske opplysningar	**Kommunal omsorgsbustad** er ein tilrettelagt bustad utanfor institusjon for personar som treng helse- og omsorgstenester. Bustaden er tilpassa personar som har rørsle- og orienteringsvanskar, og kan vere ein eigen bustad eller del av eit bufellesskap. **Ved godkjent vedtak** om kommunal bustad får du eit kommunalt vedtak som syner kva du har fått av kommunal teneste, og der tilbydt bustad vert skildra. I tillegg får du ein husleigeavtale av Bømlo kommunale eigedomsselskap knytt til aktuell tilbydd bustad. - Bustadane finst både i sentrum og i delsentra, og kan variera i leigepris. - Du kan søkja om bustønad ved låg nettoinntekt, og ev. garanti for depositum - Husdyr er ikkje tillatne. - Omsorgsbustad er eigde av Bømlo kommunale eigedomsselskap - Omsorgsbustader har universell utforming og tilkomst, og er terskelfrie.
Forventingar til tenestemottakar	- Respektere husreglar, og bidra til godt bumiljø.

5.21 Kommunal omsorgsbustad med omsorg pluss

Lovgrunnlag	Lov om kommunens ansvar på det bustadsosiale feltet (boligsosiallova) § 6 jf. § 4, Sosialtenestelova § 15, Husleielova § 11-1
Kostnad	Ja, vert regulert av husleigekontrakt med Bømlo Kommunale Eigedomsselskap (BKE). Tilleggsutgifter kan førekoma knytt til bu utgifter, og kommunale tenester
Formålet med tenesta	Sikre at personar med nedsett funksjonsevne, og med store hjelpebehov i kvardagen får eit tilrettelagt og trygt bustadtilbod, med tilhøyrande fellesareal og tryggingsbemanning.
Kriteria for tildeling	Tildeling skjer etter søknad og ei individuell vurdering basert på prioriteringsvegleiaren. - Kriterium for kommunal omsorgsbustad er innfridd - Har store til omfattande behov for helse- og omsorgstenester i kvardagen for å fungere, og høg grad av skrøpelegheit. - Har store til omfattande behov for trygging, hjelp til meistring, lindrande behandling og eller tett oppfølging (kognitive utfordringar), store deler av døgnet - Har behov for ivaretaking av psykiske helse, livskvalitet og trygging
Bortfallskriteriar	- Behov for omfattande helse og omsorgstenester på institusjon - Hjelpebehov og helse- og omsorgstenester kan ytast i bustad eller omsorgsbustad på lågare nivå.
Praktiske opplysingar	**Omsorgsbustad pluss er** ein tilrettelagd bustad utanfor institusjon for personar som treng tettare oppfylging ved helse- og omsorgstenester. Det er tilgjengeleg tryggleiksbemannning. Bustaden er tilpassa rørsle- og orienteringsvanskar, har tilgang på fellesareal, og det er definerte bustadar i Bømlo. - Husdyr er ikkje tillate. - Utgifter knytt til eige liv syt bebuar for sjølv. - I særskilte situasjonar vert det vurdert om ektefelle kan dele bustad - Som hovudregel får du ikkje tilbod om dagar ved trivselshuset når du har fått vedtak om omsorg pluss. **Bustad:** - Leilegheit er plassert i Sokkelen (underetasjen på BBH) - Leilegheit med universell utforming og tilkomst og med tilgang på fellesareal - Omsorg pluss er tilknytt tryggleiksbemanning og ambulerande helsepersonell frå Bømlo heimetenester for tett oppfølging. - Det er felles brannalarmsystem, og høg bruk av helseteknologi
Forventingar til tenesteytar	- Yte vedtekne tenester. - Samarbeid med bebuar og andre tenester. - Bidra til eit godt fellesskap for bebuarane
Forventingar til tenestemottakar	- Respektere husreglar, og bidra til godt bumiljø. - Tilrettelegging for tilkomst (enkelt å kome inn, tilgang på nøklar m.m.), bruke hjelpemiddel/helseteknologi som tiltenkt.

5.22 Tidsavgrensa opphald på institusjon – Korttid- og rehabilitering

Lovgrunnlag	Helse og omsorgstenestelova § 3-2, 1 ledd punkt 6 c, jf. § 3-1. Pasient- og brukarettslova §§ 2-1 og 2-1e. Forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester
Kostnad	Ja, det er eigenandel på korttidsopphald i institusjon. Dei fyrste 60 døgna per kalenderår er syna i prisar og gebyr på nettsidene til Bømlo kommune. Etter 60 døgn vert opphald rekna ut etter pasientens inntekt jf. forskrift om vederlag ved opphald i institusjon. Ingen generell rett til gratis transport til/frå korttidsopphald.
Formålet med tenesta	Tidsavgrensa opphald ved behov for heildøgns opphald. - Systematisk kartlegging av funksjon og bistandsbehov - Bidra til at søkjar kan vinne att og/eller betre funksjon og meistring for auka sjølvstende og livskvalitet, for å kunne bu lengst mogleg heime - Pleie og omsorg ved livets slutt
Kriteria for tildeling	Tildeling skjer etter søknad og ei individuell vurdering basert på prioriteringsvegleiaren. - Du har behov for heildøgns pleie, rehabilitering, utgreiing eller kortvarig medisinsk oppfølging. - Du treng vurdering av funksjonsnivå, behandlingsavklaring eller justering av medisin, også i palliativ fase. - Tenestemottakarar med høg CFS score skal vurderast opp mot gevinst av tilbodet, og behandlingsavklaring. - Du har samansette og langvarige helseutfordringar som krev tett oppfølging. - Du treng lindrande behandling eller symptomkartlegging. - Du har tydeleg funksjonssvikt heile døgnet, sjølv om hjelpetiltak i heimen er prøvde. - Andre tiltak og tenester på lågare nivå skal vere vurderte og prøvde før korttidsopphald.
Bortfallskriteriar	- Naudsynt helsehjelp kan ytast på lågare omsorgsnivå i heimen. - Hjelpetiltak eller kartlegging på lågare omsorgsnivå er ikkje vurdert eller forsøkt. - Innlagt i spesialisthelsetenesta
Praktiske opplysingar	- Lengda på opphaldet kan variere etter behov og prioritering, tidsavgrensa vedtak - Det kan føretakast heimebesøk i løpet av opphaldet for å kartlegge og leggje til rette bustad. - Kommunen dekker medikament under opphaldet, med mindre anna er avtala med søkjar eller lege. - Som hovudregel erstattar ikkje kommunen eigendelar som forsvinn eller klede som forsvinn eller vert øydelagt i vask. **Korttidsopphald** er eit tidsavgrensa institusjonsopphald for personar med omfattande behov for pleie, omsorg eller vurdering av tilstand og funksjonsnivå. Kommunen gjev korttidsopphald både på institusjonane i kommunen og på interkommunal døgnavdeling (lokalisert på Stord). **Rehabiliteringsopphald** er for deg som treng tverrfagleg, koordinert støtte for å forbetre, trene opp eller vedlikehalde funksjonsevne og sjølvstende. - Det er forventa at du er motivert og prioriterer trening/rehabilitering framfor besøk og andre tilsvarande aktivitetar. - Tenk gjennom kva du ønskjer å oppnå ved opphaldet

	Lindrande seng er eit øyremerka rom der opphaldet har til formål å lindre plagsame symptom, bidra til tryggleik, meistring og god livskvalitet for pasient i livets siste fase, i samarbeid med pasient og pårørande.
Forventingar til tenesteytar	- Rettleiar og gjev opplæring for å støtte eigenmeistring og medbestemming («kva er viktig for deg») - Legg til rette for at pasienten skal vera mest mogleg sjølvhjelpen - Tilbodet er individuelt tilrettelagt og basert på den enkelte pasient sine føresetnadar og evner til å ivareta eigenomsorg
Forventingar til tenestemottakar	- Ingen generell rett til gratis transport til/frå korttidsopphald - Ha med eigna treningsklede og sko. Sørg for klesvask i opphaldsperioden. - Ta vare på eigendelane dine, merk dei med namn. Verdisaker og pengar bør bli heime. - Høyreapparat og protesar er privat forsikra. - Planlegg heimreise i god tid. Legg til rette for bruk av hjelpemiddel og helsetenester i heimen slik at det er klart ved utskriving. - Bidra med eigeninnsats og medverk til behandlingsplan og involvering av pårørande. - Vedtaket omfattar ikkje å følje pasient til kontroll eller oppfølging hos spesialist, sjukehus eller tannlege i perioden korttidsopphald er aktivt.

5.23 Tidsavgrensa opphald på institusjon – Rullering

Lovgrunnlag	Helse og omsorgstenestelova §§ 3-1 og 3-2 punkt 6 c Forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester
Kostnad	Ja, det er eigenandel på korttidsopphald i institusjon. Dei fyrste 60 døgna er syna i prisar og gebyr på nettsidene til Bømlo kommune. Etter 60 døgn vert opphald rekna ut etter pasientens inntekt jf. forskrift om vederlag ved opphald i institusjon. Ingen generell rett til gratis transport til/frå rulleringsopphald
Formålet med tenesta	Yte naudsynt pleie og omsorg i ein avgrensa periode, til personar med omfattande hjelpebehov
Kriteria for tildeling	Tildeling skjer etter søknad og ei individuell vurdering basert på prioriteringsvegleiaren. - Behov for periodevis rullering som bidrar til at du meistrar å ta vare på dine funksjonar lengre, og dermed kan bu heime lenger. - Komplekse og langvarige helseutfordringar som krev tett oppfølging CFS score på 7 eller høgare - Tydeleg funksjonssvikt større deler av døgnet, trass i hjelpetiltak heime. - Andre tiltak og tenester på lågare nivå skal vere vurdert og prøvd før korttidsopphald.
Bortfallskriteriar	- Naudsynt helsehjelp kan gjevast på lågare omsorgsnivå, i heimen. - Hjelpetiltak eller kartlegging på lågare omsorgsnivå er ikkje vurdert eller forsøkt.
Praktiske opplysingar	**Rulleringsopphald** er eit tidsavgrensa institusjonsopphald for personar med omfattande behov for pleie, omsorg. Rulleringsperiodane kan variera, og det er ikkje gitt at du får opphald på same avdeling frå periode til periode. Som hovudregel erstattar ikkje kommunen eigendelar som forsvinn eller klede som forsvinn eller vert øydelagt i vask. Bebuar vert oppfordra til å ikkje oppbevare eigendelar av høg verdi og kontantar.
Forventingar til tenesteytar	- Rettleiar og gjev opplæring for å støtte eigenmeistring og medbestemming («kva er viktig for deg») - Legg til rette for at pasienten skal vera mest mogleg sjølvhjelpen - Tilbodet er individuelt tilrettelagt og basert på den enkelte pasient sine føresetnadar og evner til å ivareta eigenomsorg
Forventingar til tenestemottakar	- Ha med eigna klede og sko. Sørgje for klesvask i opphaldsperiodane. - Ta vare på eigenandelar, merk dei med namn. Verdisaker og pengar bør bli heime. - Høyreapparat og protesar er privat forsikra. - Bidra med eigeninnsats og medverke til handsamingsplan og pårørandeinvolvering. - Vedtaket omfattar ikkje å følje pasient til kontroll eller oppfølging hos spesialist, sjukehus eller tannlege i perioden korttidsopphald er aktivt.

5.24 Tidsavgrensa opphald på institusjon - Avlastning

Lovgrunnlag	Helse og omsorgstenestelova § 3-6 punkt 2, og Pasient- og brukarettslova § 2-8. For barn og unge visast det også til Pasient- og brukarettslova § 3-1, 2 ledd
Kostnad	Nei, avlastingsopphald i institusjon er gratis og transport til og frå er inkludert.
Formålet med tenesta	Avlasta pårørande som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid, slik at tenestemottakar kan bu lengst mogeleg i eigen heim.
Kriterium for tildeling	Tildeling skjer etter søknad og ei individuell vurdering basert på prioriteringsvegleiaren. Det vert gjort ei samla vurdering av omfang, varigheit, fysisk og psykisk belastning, nattarbeid, avbrot i søvn, omsorgsytaren si livssituasjon og moglegheita for fritid og ferie. Det er ikkje eit absolutt vilkår at omsorgsytaren bur i same hus som den som treng omsorg. - Har pårørande som døgnvis yt omfattande og særleg tyngjande omsorgsoppgåver over lengre tid med særleg behov for avlasting - Avlastingsopphald bidreg til at pasienten kan bu trygt heime lengre - Tenestemottakar kan ikkje vere åleine heile eller delar av døgnet, slik at det gjev avgrensa moglegheit til nødvendig og regelmessig fritid og ferie for omsorgsytaren.
Bortfallskriteriar	- Ved endring av hjelpebehov vert opphaldet omgjort til korttidsopphald med eigenbetaling (behov for medisinsk oppfølging) - Avlasting kan ytast gjennom andre tiltak som til dømes dagtilbod - Pårørandearbeidet vert ikkje rekna som særleg tyngjande, døme på dette kan vere: - Omsorgsarbeidet medfører ikkje mangel på arbeid, ferie og fritid. - Pasienten er trygg heime aleine deler eller heile døgnet
Praktiske opplysingar	- Tilbodet gjeld ikkje kartlegging, medisinske behandlingar, eller rehabilitering - Avlasting er tidsavgrensa - Ta med deg naudsynte personleg utstyr, medikament og hjelpemiddel. Merk dei med namn. Verdisaker og pengar bør bli heime. - Høyreapparat og protesar mm. er privat forsikra. - Avlastingstilbod vert som utgangspunkt ikkje gitt på høgtidsdagar, og einskiltdagar.
Forventingar til tenesteytar	- Legg til rette for at pasienten skal vera mest mogleg sjølvhjulpen - Tilbodet er tilrettelagt og basert på den enkelte pasient sine føresetnadar og evner til å ivareta eigenomsorg
Forventingar til tenestemottakar	- Har med føreskrivne medikament til heile opphaldet - Vedtaket omfattar ikkje å følje pasient til kontroll eller oppfølging hos spesialist, sjukehus eller tannlege i perioden korttidsopphald er aktivt.

5.25 Langtidsopphald på institusjon

Lovgrunnlag	Helse og omsorgstenestelova §§ 3-1 og 3-2 punkt 6 c, og Pasient- og brukarettslova §2-1 e. Forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester
Kostnad	Ja, jf. Forskrift om eigenandel for kommunale helse og omsorgstenester
Formålet med tenesta	Sikre pleie og omsorg til deg med heildøgns varige og omfattande hjelpebehov, og der du treng kontinuerleg oppfølging av helsepersonell og lege.
Kriteria for tildeling	Tildeling skjer etter søknad og ei individuell vurdering basert på prioriteringsvegleiaren, og med tilhøyrande saksutgreiing. - Du har samansette og langvarige helseutfordringar med høg faktor av uro eller kognitiv svikt, total funksjonssvikt. Hjelpa du får heime er ikkje lenger tilstrekkeleg eller forsvarleg. - Du har behov for kontinuerleg helsehjelp heile døgnet, og tett oppfølging frå lege. - Du har behov for lindrande behandling i livets sluttfase.
Bortfallskriteriar	- Hjelpetiltak på lågare nivå er ikkje vurdert eller forsøkt. - Helsehjelp kan gjevast på eit lågare omsorgsnivå i heim - Du har lite behov for medisinsk oppfølging og kan nyttegjer deg av fastlege
Praktiske opplysingar	- Langtidsopphald er ved Bømlo bu- og helsesenter eller Teiglandshagen. - Dersom det ikkje er ledig plass, vert du sett på venteliste. Ventelista er ikkje nummerert, men behovsprøvd. Kommunen gjer ei ny fagleg vurdering kvar gong ein plass vert ledig. - Personar med demens, med særskilt behov for skjerming, vert som hovudregel prioritert til Teiglandshagen. - Kommunen vurderer fortløpande kven som har størst behov for skjerma eining. Det kan derfor bli aktuelt å flytte mellom rom/institusjon. - Ha med eigna klede og sko, klede vert vaska på Viergo vaskeri. - Ta vare på eigenandelar, merk dei med namn. Verdisaker og pengar bør ikkje oppbevarast på pasientrom. - Kommunen erstattar vanlegvis ikkje klede eller eigedelar som blir borte eller øydelagde.
Forventingar til tenesteytar	- Legg opp til samhandling og medbestemming («kva er viktig for deg»). - Helsepersonell har kompetanse på tilrettelegging og palliativ omsorg, samt ivaretaking av pårørande etter behov. - Årleg medisinsk kontroll, og tilbod om tannhelseteneste som vert utført på institusjon.
Forventingar til tenestemottakar	- Pasienten bør ha eigen forsikring av innbu. - Pasienten må betale for eigne klede/sko, tv, avis, hygieneprodukt samt forbruksmateriell utover det institusjonen tilbyr. Klede og eigendelar merkast godt av pårørande - Private eigendelar som t.d. briller, protesar, høyreapparat sikrar pasient sjølv.

6.0 Relevante tenester

Det er mange relevante oppgåver og tenester som vert ytt av kommunal forvaltning. Under er nokre dømer på dette.

LEDSAGARBEVIST/FYLGJEPROV - Ta kontakt med barne- og familietenesta/tenestekontoret for å kartleggja og vurdera om du oppfyller krava til ledsagarbevis eller følgjekort for kulturtilbod med redusert pris eller gratis inngang for ledsagar. Ledsagerbevis - Veiledende nasjonale retningslinjer | Bufdir

PARKERINGSKORT FOR RØRSLEHEMMA - Rørslehemma kan få parkeringskort basert på forskrift, som gjev rett til å bruke merka parkeringsplassar. Fellessekretariatet i Bømlo kommune er sakshandsamar for desse korta, meir informasjon finn du på → Parkeringsløyve for funksjonshemma - Bømlo kommune

TT-KORT (TILRETTELAGT TRANSPORT) - Tilrettelagt transport er eit tilbod for personar med nedsett funksjonsevne eller sjukdom som ikkje kan bruke kollektivtransport. Det er ingen lovfesta rett til TT-tenester. Vestland Fylkeskommune er saksbehandlar. Ta kontakt her: Tilrettelagt transport (TT-kort) - Vestland fylkeskommune

FRAMTIDSFULLMAKT - Med ei framtidsfullmakt kan du sjølv bestemme kven som skal ivareta dine personlege og økonomiske interesser når du ikkje klarer det sjølv. Framtidsfullmakta er ei privat ordning som du kan skreddarsy etter behov. Du kan til dømes bestemme at fullmektigen skal selje fast eigedom eller dele ut forskot på arv. Har du ikkje skrive ei framtidsfullmakt, vil du som regel få oppnemnt ein verje.
Fullmakt, fremtidsfullmakt og vergemål - Nasjonalt senter for aldring og helse

VERJE - Verjemål er ei offentleg hjelpeordning for deg som treng hjelp til å ivareta eigne interesser når andre løysingar som legalfullmakt eller framtidsfullmakt ikkje dekkjer behovet. Statsforvaltaren fører tilsyn med verjene, som må følgje verjemålslova. Verja må søkje statsforvaltaren om godkjenning for større disposisjonar, som forskot på arv og sal av fast eigedom, sjå meir informasjon på Vergemål | Statsforvaltaren i Vestland

PÅRØRANDEKONTAKT PÅRØRANDELINJE – Det finnast pårørande i svært mange ulike situasjonar, Helse Norge har oversikt over korleis ein går fram i ulike situasjonar, sjå meir informasjon på Informasjon til pårørende - Helsenorge

OFFENTLEG TANNKLINIKK – Barn får gratis tannbehandling i den offentlege tannhelsetenesta. Vaksne må i utgangspunktet betale sjølv, men det finnast mange unntak. Sjå meir informasjon her Hvem betaler tannlegeregningen din? - Helsenorge, om du er ein av dei som det er unntak for.

KOMMUNAL AKUTT DØGNEINING

Alle kommunar skal ha eit døgntilbod for augeblikkeleg hjelp, gjerne kalla ØH eller KAD senger. Bømlo kommune har slike sengeplassar knytt opp mot eit interkommunalt samarbeid som held til ved legevakta på Stord. ØH-senger er eit alternativ til sjukehusinnlegging og målgruppa er pasientar med avklarte diagnosar som har behov for handsaming utover det lege og heimetenesta kan finne forsvarleg.

SAPT - syns- og audiopedagogisk teneste er ei spesialisert teneste som gir råd, kartlegging og oppfølging til personar med syns- og/eller høyrselsvanskar. Tenesta bidreg med tilrettelegging i kvardagen, opplæring i bruk av hjelpemiddel og rettleiing til pårørande og fagpersonar, ofte som del av eit tverrfagleg samarbeid. Tilbodet gjeld barn, unge og vaksne med sansetap, og ein kan ta kontakt sjølv, som føresett, eller gjennom barnehage, skule, arbeidsgivar eller helse- og omsorgstenester. Syns- og audiopedagogisk teneste i tidlegare Hordaland - Helse Bergen HF

Støtte til bustadtilpassing Innbyggjarar som treng ein meir eigna bustad, kan få råd og rettleiing om fleire ordningar. Det kan gjelda støtte til bustadtilpassing, til dømes hjelpemiddel, ombygging eller andre tiltak som gjer det mogleg å bu trygt heime lenger. NAV kan i særlege tilfelle vurdera økonomisk sosialhjelp eller garanti til depositum dersom ein ikkje kan skaffa dette sjølv. Husbanken og kommunen kan vurdera startlån, tilskot til tilpassing eller andre bustadsosiale verkemiddel, og personar med låg inntekt og høge bu utgifter kan søkja bustønad. Det er òg viktig at alle som bur i eigen eller leigd bustad har innbuforsikring. Ho kan dekkja tap av eigedelar ved brann, vasskade, tjuveri eller andre hendingar, og gir betre økonomisk tryggleik dersom noko skjer.

For barn og unge under 18 år får du bistand frå ergoterapeuten i Barne og familietenesta for å vurdere tilpassingar av bustad med ev. tilskot frå Nav hjelpemiddelsentral og/eller husbanktilskot, samt hjelp til å søkje om fastmonterte hjelpemidlar frå Nav hjelpemiddelsentral.